

9/2011

Eyvind Urkedal York

"DER EFFTER BLEF STOR BULDER OG ALLARM"

Bondemotstand og embetsmenn i Bergenhus stiftamt i samband med prosessen rundt dagskatten, 1712-1715

Forfattar	Eyvind Urkedal York
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/notat

Notatet er basert på masteravhandlinga *Kongens tru tenrar? Møtet mellom statsapparat og allmuge i Bergenhus stiftamt i samband med dagskatten, 1712–1715*, frå Universitetet i Bergen 2010 og eit innlegg på arbeidsseminaret til prosjektet "Kulturperspektiv på møte mellom embetsmenn og bønder" i Volda 11.–12. oktober 2010.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegne i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

Innleiing¹

13. april 1712 vart det utskriven ein ny ekstraskatt for dette året. Krigen mot Sverige, kjent som Den store nordiske krig, hadde rasa i over to år, og kravde store ressursar frå den dansk-norske staten. Den norske befolkninga var ikkje noko unntak.² Innføringa av denne skatten medførte ei drastisk auke i skattebyrdene i Noreg, og tilhøvet mellom bøndene, som skulle betale inn denne skatten, og dei ansvarlege embetsmennene, som skulle krevje han inn, vart sett på spissen.³

Den svenske historikaren Martin Linde hevdar at

"en analys av det extrema kan få det för samhället normala att avteckna sig klarare. Politiska handlingsmönster torde ha sätt särligt tydliga spår i källorna när relationerna mellan styrande och styrde var som mest ansträngda. Sociala motsättningsmönster och strukturer bör kunna framträda i djupare relief."⁴

Med dette som eit utgangspunkt vil denne artikkelen ta for seg korleis møtet mellom embetsmenn og bønder, eller styrande og styrte om ein vil, fortona seg i nettopp ein slik "ekstrem" situasjon. Fokuset vil vere på bøndene sin motstand mot dagskatten og embetsmennene sitt forhold til denne. Korleis reagerte bøndene på desse skattekrava? Korleis var forholdet mellom embetsmenn og bønder? Bar embetsmennene preg av å vere reiskaper for kongemakta, var dei som ei sosial gruppe i eit konfliktforhold til bøndene, eller kunne dei ta eige initiativ og spele ei eiga politisk rolle, på tvers av kongen sin vilje? Kunne dei spele på lag med bøndene?

Statsapparatet i Noreg under den store nordiske krig

Sidan denne artikkelen tek føre seg forholdet mellom embetsmenn og bondebefolkninga kan det vere på sin plass å seie noko om korleis statsapparatet i Noreg var oppbygd i den gjeldande perioden. Då den store nordiske krig braut ut hausten 1709, hadde Noreg vore ein

¹ Dette notatet er basert på masteravhandlinga *Kongens tru tenrar? Møtet mellom statsapparat og allmuge i Bergenhus stiftamt i samband med dagskatten, 1712-1715*, frå Universitetet i Bergen 2010 samt eit innlegg som eg heldt på arbeidsseminaret til prosjektet "Kulturperspektiv på møte mellom embetsmenn og bønder" i Volda 11.-12. oktober 2010. Takk til professor Atle Døssland og direktør ved Norsk lokalhistorisk institutt Knut Sprauten for kommentarar til det skriftlege innlegget og artikkelutkast.

² I ei studie av den dansk-norske staten sin finanspolitikk under regjeringsstida til kong Fredrik IV har den danske historikaren J. Boisen Schmidt kome fram til at den ti år lange krigen kosta kongen og undersåttane 50 millionar riksdaler brutto, som tilsvasar knapt 20 år med ordinære statsinntekter før krigen. Etter å ha trekt frå den dansk-norske staten sine militærutgifter før krigen, som var på gjennomsnittleg 1,5 millionar riksdaler per år, konkluderer han med at nettokrigsutgiftene kom på om lag 35 millionar riksdaler. Boisen Schmidt 1967, s. 262f.

³ No skulle denne skatten betalast inn av alle, også embetsmenn, adelsmenn og byborgarar, men fokuset her er altså på bøndene.

⁴ Linde 2000, s. 12.

del av den eineveldige dansk-norske staten i om lag eit halvt hundreår. Etter at eineveldet vart innført i 1660, var all makt formelt sett i hendene på monarken, og i Danmark-Noreg råda på 1700-talet ”den på papiret mest konsekvent gennemførte absolutisme nogetsteds i Europa.”⁵ Ein årsak til dette var ikkje minst *Kongelova*, det dansk-norske eineveldet si eiga ”grunnlov”.⁶ Dette har særleg vore framheva under regjeringsstida til Fredrik IV (r. 1699-1730), som var det første danske monarken som var fødd etter innføringa av eineveldet.⁷

Likevel kunne ikkje kongen i København styre på eiga hand. Utover 1600-talet, og særleg i etterkant av statsomveltinga i 1660, hadde statsapparatet utvikla seg i retning av å bli stadig meir sentralisert og profesjonalisert, ikkje minst som følgje av dei mange krigane mot Sverige.⁸

Dei to øvste politiske instansane i Noreg under den store nordiske krig var stathaldaren og Slottslova på Akershus. Stathaldaremabetet hadde blitt oppretta allereie i 1572, og vart gradvis meir omfattande utover 1600-talet.⁹ I løpet av den fireårsperioden som artikkelen tek for seg, var det tre ulike personar som hadde statthaldaremabetet, baron Valdemar Løvendal (1710-1712), Claus Henrik von Vieregg (1712-1713) og baron Frederik Krag (1713-1721).¹⁰

Under krigen delte rett nok statthaldaren/visestathaldaren embetet sitt med eit nytt organ. I ein plakat frå 16. februar 1704 vart ein ny institusjon i Noreg oppretta. Fredrik IV hadde ”for got befunden at anordne paa Vort Slot Aggershus en Slots Lov”.¹¹ Slottslova var meint å skulle fungere frå 1. mai, men sjølv innstiftinga skjedde på Akershus Slott 11. juni, med kongen til stades.¹² Saman med plakaten vart det utgitt ein instruks som inneholdt arbeidsoppgåvene og ansvarsområda til kollegiet. Første punkt gjaldt kven som skulle sitje i

⁵ Bregnsbo 1997, s. 21.

⁶ I artikkel II i Kongelova heiter det at ”Danmarckes og Norges EenevoldsArffvekonge skal være hereffter og aff alle undersaatterne jholdes og agtes for det ypperste og høyeste hoffved her paa Jorden offver alle Menniskelige Lowe, og der ingen anden hoffved og dommere kiender offver sig enten i Geistlige eller Verdslige Sager uden Gud alleene.”

⁷ Dyrvik 1998, s. 373ff.

⁸ Sjå m. a. Leon Jespersen og Øystein Rian sine bidrag i antologien *Magtstaten i Norden i 1600-tallet og dens sociale konsekvenser* frå 1984, redigert av Erling Ladewig Petersen.

⁹ Sjå Supphellen 1983, s. 22ff. for ei utviklinga av embetet fram mot perioden som han sjølv har undersøkt.

¹⁰ Baron Ulrik Frederik Valdemar Løvendal var sonen til Ulrik Frederik Gyldenløve, halvbroren til kong Frederik V og den siste store statthaldaren i Noreg. Løvendal vart utnemnd til statthaldar og øverstkommanderande for den norske hæren i juli 1710, og sat i desse embeta fram til våren 1712, då han reiste tilbake til Dresden og hoffet til August II av Sachsen-Polen, der han hadde hatt ei stilling fram til 1710. I juli 1712 vart Claus Henrik von Vieregg utnemnd til visestathaldar, men kom ikkje til landet før 22. desember. Han døyde allereie 14. juli året etter. I september vart så baron Frederik Krag ny visestathaldar, men kom seg ikkje til Noreg før våren 1714.

¹¹ ”V. Placat. Hvorved kundgiøres, at Hans Kongl: Majestæt haver anordnet paa Aggershuus Slot i Norge Slots-Lov” i *Kong Friderich den Fierdes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve. III Bind. Forordninger fra 1699-1711*.

¹² Steen 1930, s. 380. Kongen hadde eit par veker tidlegare begynt på Noregsreisa si.

Slottsløva. Kollegiet skulle bestå av fire sivile og éin militær.¹³ Saman med statthaldaren fungerte Slottsløva som den øvste politiske myndigheita i Noreg så lenge krigen varte, og vart først avskaffa i 1722.

Krigslysinga førte også med seg meir sjølvstyre i Noreg. I det dansk-norske eineveldet var det Rentekammeret som var ansvarleg for staten sine finansar, og finanspolitikken vart såleis styrt frå København, under tett kongeleg kontroll.¹⁴ Dette endra seg etter at krigen var eit faktum. I 1709 vart Krigskassedeputasjonen oppretta for at ein i samband med krigssituasjonen skulle kunne disponere større pengesummar til militære føremål i Noreg.¹⁵

Statsapparatet på regionalt plan

Også på regionalt plan hadde statsadministrasjonen blitt meir formalisert og sentralisert i tiåra før den store nordiske krig. Før statsomveltinga hadde lokaladministrasjonen, dei gamle lena, vore kontrollert av den gamle adelsstanden, og det hadde pågått ein dragkamp mellom kongen og adelen, der kongen ønskte å innskrenke makta til lensmennene, setje dei på fast løn og få mesteparten av inntektene til staten sitt behov, medan adelsmennene ønskte å forpakte lena mot ei fast avgift, og sjølv ta hand om meirinntektene.¹⁶

Straks etter innføringa av eineveldet sette kongen i gong med å reformere lokalforvaltninga. I 1662 vart lena omdøypt til amt, og lensmennene vart amtmenn.¹⁷ Heretter skulle amtmennene vere kongen og sentralmakta sine representantar. Likevel tok det fleire år før arbeidsoppgåvene og ansvarsområda til stiftamtmenne vart formaliserte. Først i 1685 kom det ein embetsinstruks for amtmenn, og i 1691 kom der ein særskild

¹³ Dei som vart utnemnd på dette tidspunktet var visestathaldar og stiftamtmann i Akershus, Frederik von Gabel, stiftamtmann i Bergenhus, Christian Stockfleth, generalmajor Hans Ernst von Tritzschler, stiftamtmann i Kristiansand stift, Mathias de Tonsberg, og amtmann i Bratsberg og justitiarius i Overhoffretten Henrik Adeler. Stockfleth døydde allereie mars samme år, før sjølve opninga av Slottsløva, og 29. november vart Hans Blix utnemnd til nytt medlem. de Tonsberg døydde i slutten av 1704. Frederik von Gabel døydde i 1708 og Johan Vibe tok over som visestathaldar og stiftamtmann i Akershus i oktober 1708. I åra som kom var det fleire utsiftingar i kollegiet, og i byrjinga av 1712 bestod det av stathaldar Løvendal, generalløytnant Caspar Herman Hausman, stiftamtmann i Akershus Vilhelm de Tonsberg, justitiarius i Overhoffretten Hans Blixencrone (adla i 1712) og assistensråd i Overhoffretten Hannibal Stockfleth. For ein presentasjon av dette persongalleriet sjå m. a. Morberg 2000, s. 22f.; York 2010, s. 30ff.

¹⁴ Fredrik IV vert gjerne sett på den kongen som hadde mest kontroll med finanspolitikken. Ståle Dyrvik kallar t.d. kongen for sin eigen finansminister. Dyrvik 1998, s. 376.

¹⁵ Den bestod av visestathaldaren, fungerande øvstkommanderande samt overkrigskommisseren, og seinare gjekk også andre medlemmar av Slottsløva inn i deputasjonen. Weidling 2000, s. 63. Den danske historikaren J. Boisen Schmidt har kalla Krigskassedeputasjonen for "Løvendals Rentekammer", noko som viser til at det under hans tid som stathaldar var eit regelrett finansielt sjølvstyre i Noreg. Denne perioden varte rett nok ikkje lenge etter at Løvendal forlot landet. Krigskassedeputasjonen eksisterte fram til utgangen av 1712. Weidling 2000, s. 6. I ein kongeleg ordre frå 24. September 1712 bestemte Fredrik IV at Krigskassedeputasjonen skulle opphøre frå og med 1. januar 1713.

¹⁶ Dyrvik 1998, s. 121.

¹⁷ Pedersen 1998, s. 33.

stiftamtmannsinstruks. Amtmannsinstruksen gav amtmannen særleg ordre om å sørge for at kongen sin vilje vart gjennomført,¹⁸ ha eit overoppsyn med krona sine inntekter i amtet, og sørge for å ha kontroll med det lågare embetsverket.¹⁹ Også i instruksen for stiftamtmennene i Noreg var essensen at stiftamtmannen skulle sørge for at dei kongelege interessene i stiftet vart ivaretatt, og at han skulle vere påpasseleg med straks å informere og dokumentere overfor monarken dersom dette ikkje skjedde.²⁰ Kort fatta var stiftamtmannen, som den fremste sivile regionale embetsmannen i landet, si oppgåve å halde auge med at systemet fungerte i samsvar med kongen sin vilje. Han skulle sørge for at alle kongelege befalingar var følgde, det var hans plikt å sjå til at skattar og avgifter vart riktig avrekna og innkravd, og han skulle vere til stades på skattetinga og kontrollere futen si utlikning og oppebørselsverksemnd.²¹

Bergenhus stiftamt, som er utgangspunktet for denne undersøkinga, var eitt av fire stiftamt i Noreg. Stiftet var delt inn i fem fogderi: Sunnhordland og Hardanger, Nordhordland og Voss, Indre og Ytre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord, og Sunnmøre. Stiftamtmannen var samstundes amtmann i det største amtet i stiftet, Bergenhus amt. Dette tilsvarte dei fire sørlegaste fogderia.²²

Stiftamtmannen i Bergen i denne perioden var Andreas Undall (1669-1728). Han var sørlending, son av Laurids Andersen Undall, ein trelasthandlar og embetsmann som hadde nådd toppen av si embetskarriere som assessor i Overhoffretten i 1684.²³ Etter studiar i den nederlandske universitetsbyen Leiden vart Andreas Undall som trettiåring utnemnd til amtmann i Lister og Mandals amt i 1699, og 1. juni 1711 fekk han så stillinga som stiftamtmann i Bergenhus stiftamt.²⁴

¹⁸ "Schal hand fornemmelig ved dend hannem anbetroede Administration oc Befaling ofver bemelte Amt voris Höyhed, Regalia oc Rettighed paa det Flittigste udj Agt tage oc forsvere oc iche tilstede, at os til Präjudice Noget derudj, af hvem det oc være kand, blifver foretagen, mens dersom Noget imod Forhaabning skulle skee, da det uden nogen Persohns Anseelse tilbörlijgen imod sige oc voris Stadtholder ved sin allerunderdanigste Schriftlig Relation til vdere voris allernaadigste Anordning tilkiendegifve." Wegener (utg.) 1856-60, s. 253.

¹⁹ "Schal hand oc efter Loven lade sig Iustitiens Administration være angelegen oc saavit mueligt een hver, som derpaa klager, ved Hiemtingene til deris Ret befordre, oc om nogen af Rettens Betienter, Fogder, Soerenskrifvere eller Andre falskeligen oc u-tilbörlijgen med Retten oc dens Administration omgaaes, os allerunderdanigst strax tilkiendegifve til vdere Anordning." Wegener (utg.) 1856-60, s. 254.

²⁰ "Skal hand over det heele Stiftt observere og holde over, at alle voris kongelige Höyheder, Regalier og Rettigheder, af hvem det og være kand, ingen Indpas skee, men dersom det imod Forhaabning enten allereede kunde være skeet eller her effter maatte ske, skal hand, effter at hand sig grundig derom haver informeret og med nøyagtig Beviislheder forsynet, os sin allerunderdanigste Relation, tillige med hvis Beviser hand om des Beskaffenhed kand haver erlanget, allerunderdanigst tilskicke." Wegener 1856-60, s. 318.

²¹ Nagel 1985, s. 83.

²² Sunnmøre høyрte under Romsdals amt, som utanom Sunnmøre låg under Trondheim stiftamt.

²³ Weidling 2000, s. 311.

²⁴ Ibid.

Stiftamtet var delt inn i mindre administrative einingar, fogderi, som igjen var delt inn i sorenskriveri og skipreide. *Futen* var staten sin skatteoppkrevjar og hadde ansvaret for å få inn alle kongen sine skatteinntekter til rett tid. Dette skulle skje på tinget, som vart halde to til tre gongar årleg i kvart skipreide. Han skulle også føre rekneskap og melde frå om innkomstane til amtmann og stiftamtstove.²⁵ Rekneskapa skulle sendast til stiftamtstovene for revisjon, og derifrå skulle dei sendast vidare til Rentekammeret for endeleg revisjon.²⁶ Saman med futen på tingsamlingane var *sorenskrivaren*, som skulle føre tingprotokollen. Etter lova var han pålagt å skrive ned alt som gjekk føre seg på tinga, og han hadde også ansvar for å skrive supplikkar for bøndene.

Bøndene sine politiske kanalar

I eit samfunn som det dansk-norske eineveldet hadde ikkje riket sine undersåttar noko politisk makt. Det ikkje eksisterte nokon form for røysterett eller representative forsamlingar der riket sine innbyggjarar var representerte. Likevel måtte regimet legitimere sin politikk overfor undersåttane dersom den herskande samfunnsordenen skulle bestå. Det måtte vere visse fora der undersåttane skulle kunne kome til orde, der eksisterte ein interaksjon mellom sentralmakt og lokalsamfunn.²⁷

Ein av dei viktigaste møteplassane mellom styresmaktene og allmugen under eineveldet var tinget.²⁸ Futen og sorenskrivaren var til stades som øvrigheita sine representantar overfor bøndene. I tillegg var det også i kvart skipreide utnemnd ein bondelensmann og åtte lagrettemenn av dei lokale bøndene, som skulle vere sorenskrivaren til hjelp. Også amtmannen kunne delta på tingsamlingane, ein praksis som varierte frå stad til stad.²⁹

Tinget var styresmaktene sin kommunikasjonskanal overfor kongen sine undersåttar. Her vart kongebrev og publikasjonar frå sentralmakta eller avgjerder frå dei lokale embetsmennene lesne opp for allmugen. På skattetinga vart dei kongelege skattebreva lesne

²⁵ Nagel 1985, s. 85.

²⁶ I 1660-åra vart det oppretta rekneskapskontor i kvart stift, såkalla *stiftamtstover*, med ein eigen embetsmann, *stiftamtskriveren*. Denne var ansvarleg overfor Rentekammeret i København. Fladby et al. 1975, s. 323.

²⁷ Ein av dei mest kjende talspersonane, i skandinavisk samanheng, av eit slikt syn på forholdet mellom sentralmakt og lokalsamfunn er den svenske historikaren Eva Österberg. Sjå m. a. Österberg 1991, s. 168ff. Sjå også Berglund 2009, s. 38ff. ; Bregnsbo 1997, s. 18ff.; Dørum 2006; Linde 2000, s. 25ff.; Gustafsson 1994, s. 12ff.; Supphellen 1978, s. 152ff.

²⁸ I dette arbeidet har eg ikkje teke med presten si rolle som kongeleg embetsmann eller kyrkja som møteplass mellom styremakten og allmugen.

²⁹ I Jæren og Dalane sorenskriveri deltok m. a. amtmannen i Stavanger amt på 68 av 281 tingsamlingar i perioden 1709-1720, altså på kvart fjerde ting under krigen. Dette står i sterkt kontrast til Hallingdalen, der amtmannen i Buskerud amt berre var på tre ting i løpet av ein tiårsperiode, fram til 1719. Lode 1978, s. 24; Nilsen 1978, s. 29.

opp og futen kravde inn skattane. Som ein møtestad mellom bøndene og øvrigheita var også tinget ein stad der allmugen i samla flokk kunne møte styresmaktene med klagemåla og motkrava sine.³⁰

Ein annan måte bøndene kunne gjere seg gjeldande på på var gjennom supplikkvesenet. Supplikken var ein lovfesta institusjon i det dansk-norske eineveldet. Alle undersåttane i riket hadde høve til å sende skriftlege klagemål til kongen, med dei lokale embetsmennene si godkjenning. I ei forordning frå 5. februar 1685 vart supplikkskrivinga regulert. Sorenskrivarane vart pålagt å skrive supplikkar for allmugen, mot ei fast betaling på 8 skilling. Supplikken skulle innom amtmannen, som skulle skrive erklæring og sende ho til kongeleg resolusjon. Allmugen fekk strengt forbod mot å sende ein eigen deputasjon til kongen utan å ha levert supplikken til amtmannen. Steinar Supphellen meiner at dette knapt kan tolkast som eit generelt forbod mot å reise eller sende deputasjon til København, men det at det iallfall var forbode å reise med ein supplikk som ikkje hadde vore innom amtmannen til påskrift.³¹ Endeleg vart supplikkvesenet formalisert i lovverket i Christian V si Norske Lov frå 1687.³²

Den danske historikaren Michael Bregnsbo viser at supplikkvesenet hadde fleire funksjonar i det dansk-norske samfunnet på 1700-talet. For det første var det *ein informasjonskanal for styret*. Når den sentrale styresmakta mottok supplikkar, kunne dei få kunnskap om forholda i lokalsamfunnet som kongen elles ikkje ville få kjennskap til gjennom dei offisielle kanalane.³³ Dersom vi ser på supplikkvesenet frå undersåttane si side, så fungerte også supplikken som ein *legal kommunikasjonskanal til å få fram sine klager og ønske for styret*, og kanskje den viktigaste i så måte. Supplikkinstitusjonen eksisterte i fleire europeiske statar på denne tida, men i Danmark-Noreg mangla andre politiske fora som stenderforsamlingar, riksddagar, parlament eller andre politiske organ der (delar) av befolkninga kunne få gjennom sine klagemål. Derfor er det grunn til å tru at supplikkane spelte ei større rolle her, som ein måte å legitimere det eineveldige systemet og vinne undersåttane sin lojalitet til regimet.³⁴

³⁰ Lode 1978, s. 48.

³¹ Supphellen 1978, s. 161.

³² "Sorenskriven paa et hvert Stæd skal pligtig være Almuens Supplicatzer, naar hand derom anmodis, uden Forhaling paa god Maneer at opsætte, saa vel for en hver, som det udi sær begærer, som for flere tillige, naar de een Sag paa een Tid have at andrage: Hvilke Supplicatzer de Vedkommende med deris Hænder, eller Boemerke først have at undertegne, og siden Sorenskriven sit Navn med egen Haand tillige med at underskrive".

Christian V's Norske Lov, Første bok, kap. 24, art. 5.

³³ Bregnsbo 1997, s. 222. Ingrid Fiskaa påpeikar i si masteroppgåve at supplikkane gav styresmaktene ei viktig kjelde til informasjon om korleis styringsapparatet fungerte, og at ein stor del av avgjerdene i styringsapparatet var svar på supplikkar. Fiskaa 2009, s. 35f.

³⁴ Bregnsbo 1997, s. 222f.; Slettebø 2007, s. 25ff.; Supphellen 1978, s. 152.

Striden om dagskatten i Bergenhus stiftamt

Bakgrunnen for skatten – krigsfinansiering og pengemangel

I forordninga, som er datert 13. april 1712, heiter det at ”den tilstundende Campagne” kravde store pengesummar, ”hvortil de ordinaire Skatter og andre til Vore Krigs Operationer destinerede Midler ingenlunde ere tilstrækkelige.” Derfor hadde kongen, sjølv om han ”Vores kiære og troe Undersaatter for videre Paalæg gierne saae forskaanede”, vedteke å innføre ein krigsstyr ”over alt i Vort Rige Norge”.³⁵ Skatten skulle betalast inn kvartalsvis, på landet til futane på skattetinga. Skatten skulle reknast frå nyttårsdag 1712, slik at ”til førstkomende Junii Maaneds Udgang 2^{de} Qvarteraler ere forfaldne.”

Fredrik IV trøng pengar til krigen mot Sverige, og dette behovet auka i byrjinga av 1712. Denne vinteren planla nemleg kongen eit felttog i Tyskland. Planen var at Danmark skulle konsentrere åtaket sitt mot dei svenskkontrollerte områda Bremen-Verden og Wismar.³⁶ Kongen meinte at dette felttoget skulle kombinerast med ei norsk innrykking i Sverige, og binde svenske styrker og hindre overføring av svenske troppar til det svenske Pommern, ein strategi som hadde vore vellykka året før.³⁷

Allereie i mars 1710, nokre månader etter krigslysinga, hadde det blitt innført ein krigsstyr i Danmark, og i september same året kom ein ekstraskatt på parykker, karrossar og tenestefolk.³⁸ Året etter vart også den norske befolkninga pålagt ei rekkje ekstraordinære skattar. I ei forordning frå 21. februar 1711 vart nordmenn pålagt å betale skatt på vogner ”med et Dekke over”, lystbåtar, parykker (menn), ”Fontanger, Sætter eller Topper” (hovudplagg for kvinner), sko og tenestefolk.³⁹ Nokre månader seinare kom ei forordning om innføring av koppskatt, hesteskatt, eldstadskatt, rentepengeskatt og husleigeskatt.⁴⁰ Dette var skattar som i stor grad var mynta på dei meir velståande laga av befolkninga. Unntaket var skoskatten og skatten på tenestefolk, som ser ut til å ha gått ut over bondebefolkninga.⁴¹ Det kom mellom anna til protestar på hausttinget 19. oktober i Herdla skipreide i Nordhordland då

³⁵ ”IV Forordning. Om en Qvarterals-Krigsstyr udi Norge, for Aar 1712”, i *Kong Friderich den Fierdes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve. Bind IV. Fra 1712-1721*.

³⁶ Dyrvik 1998, s. 352.

³⁷ Schiøtz 1955 s. 230, 243, 512; Den danske Generalstabens 1906, s. 378.

³⁸ For ei oversikt over dei ekstraordinære skattane som vart innført i Danmark under krigen sjå Rafner 2008, s. 252.

³⁹ ”V. Forordning. Om adskillige extraordinaire Paabud i Norge”, i *Kong Friderich den Fierdes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve. IV. Bind. Forordninger fra 1712-1721*.

⁴⁰ ”IX Forordning. Om Kop. Heste og Ildstæd, samt Rente-Penges og Huusleje-Skat udi Norge” i *Kong Friderich den Fierdes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve. IV Bind. Forordninger fra 1712-1721*.

⁴¹ Vigrestad 1978, 36f. Asgeir Lode har samanlikna futerekneskapa for 1708 og 1711 for Jæren og Dalane sorenskriveri, og funne ut at dei samla skattekrava hadde stege med over 1000 riksdaler på tre år. Han hevdar dermed at det ikkje var tvil om at ”allmugen samla bar brorparten av utredingane til dei nye ekstraskattane.” Lode 1978, s. 51f.

futen skulle krevje inn desse to skattane. Det oppstod eit ”stort Oprør” blant allmugen, og ein av dei, Magne Olsen, lagde leven i tingstova, slik at lagretten måtte forlate lokalet. Då dei var på plass og futen byrja innkrevjinga igjen, nekta Magne å betale, og gav som svar at ”Kommer der nogen paa min Gaard for at exseqvere mig, schall jeg tage mod dem om der er Korn Staver [staur] til.” Magne Olsen vart på ei ekstraordinær tingsamling dømt til tre månader straffarbeid på Bergenhus festning samt tap av boslodd, dvs. tap av all eigendom unntatt jord.⁴² Dette skulle bli ein forsmak på dei vidare hendingane då bøndene året etter vart pålagt enda større skattebyrder.

Innføring av dagskatten våren 1712

Dagskatten vart som nemnt innført ved kongeleg forordning 13. april, men initiativet kom frå Christiania tidlegare på året.

Fredag 19. februar hadde Slottslova møte. Løvendal, Hausmann, Stockfleth og de Tonsberg var til stades. Ei av sakene som vart tekne opp, var eit forslag frå statthaldar Løvendal, som

proponerede udi Slotsloven, att eftersom forordningen om den Kopskatt, som man har været betenckt paa at lade udgaae her i Norge, ikke skal kunde bedrage sig til en tilstrekkelig Summa til Krigens fortsættelse, om det ikke derfor var tienligere, att en dagskat efter en huers Vilkaar og formue blef sat, saaledes, att samme dagskat sig daglig beløb til 1000 Rd. paa det mann kunde gjøre en viss Falit paa de Midler, som til Krigens fortsættelse behøvedes, huorpaa deres Excell^e samptlige Commiterede i Slodslo[ven] deris betenchning forlangede.⁴³

Samtlege samtykka i dette, og rett over helga, mandag 22. februar, vart det halde eit nytt møte. Alle dei fem medlemmene i Slottslova deltok. Det einaste vi finn i møtebøkene frå dette møtet er ei fordeling av skatten utover landet. Som vi kan lese i sitatet ovanfor, foreslo Løvendal å erstatte koppskatten frå 1711 med innføring av ein dagskatt på 1000 riksdaler per dag som eit naudsynt tiltak for å få inn tilstrekkelege midlar for å halde fram med krigføringa. På dette møtet vart summen fordelt på dei forskjellige stifta, kjøpstadiane og embetsmennene. Etter å ha lagt saman dei ulike beløpa kom Slottslova til 422 867 riksdaler for heile landet.⁴⁴

I slutten av april fekk så Slottslova, saman med forordninga, ordre frå kongen om å fordele desse summane utover landet, noko dei allereie hadde gjort to månader tidlegare. Slottslova skulle igjen fordele dette på stifta. I eit brev frå Slottslova til stiftamtmann Undall 30. april vart han pålagt å sørge for at denne forordninga vart gjort kjend over alt i stiftet. Deretter skulle han fordele den summen som Bergen by og stift vart sett til å betale, ved hjelp

⁴² Fossen 1999, s. 218ff. Fossen har gitt denne hendinga namnet ”Askøys lille strilekrig”.

⁴³ RA, Stathaldararkivet, A. I., pk. 4, møte i Slottslova 19. februar 1712.

⁴⁴ RA, Stathaldararkivet, A. I., pk. 4, møte i Slottslova 22. februar 1712.

av magistraten i Bergen by og vedkommande embetsmenn i kvart futedømme ”og det med saadan proportion og Lighed, som før er melt, effter enhvers efne og vilkaar, at ey nogen skal kunde aarsage Sig med billighed derover at besværge.”⁴⁵ Vedlagt i brevet sendte Slottslova ein kopi av kongen sin ”Taxation”, der Bergen by og stift vart sett til å betale høvesvis 120 og 150 riksdaler per dag. For Bergen stiftamt sin del tilsvarer summen 54 750 riksdaler for heile året, som er det beløpet som Slottslova hadde fastsett på møtet 22. februar.

Dessverre får vi ikkje vite korleis stiftamtmann Undall reagerte og kva han formidla vidare. Stiftamtmannen sine utgåande brev, som vi finn i stiftamtmannen sine kopibøker, er tidlegast datert 2. august 1712. Rasmus Gelting Andresen viser til at det 6. mai vart gitt ordre frå stiftamtmann i Akershus, Wilhelm de Tonsberg, til futane om at dei innan 30. mai skulle sende inn ein spesifikasjon over alle innbyggjarane i futedømet, og at det utifrå dette skulle utarbeidast ei rettferdig likning utifrå formue, inntekt og næring.⁴⁶ Det er ikkje usannsynleg at det gjekk føre seg slik også i Bergenhus.

Bøndene sine reaksjonar på dei nye skattekrava

Dagskatten vart gjort kjent for bøndene ein gong på forsommaren 1712. Sidan det hadde blitt foretatt av ei likning av bøndene ein gong i mai, er det sannsynleg at dei nye skattekrava var kjent då sommartingssesjonane tok til i juni/juli. Utifrå forordninga skulle dagskatten gjelde frå nyttår, og då bøndene fekk vite om ho hadde to kvartal forfalle. John Vigrestad meiner at dei to kvartala skulle betalast inn på hausttinget, som normalt vart halde i oktober/november,⁴⁷ men frå styresmaktene si side var det nok meint å få inn pengane før dette, helst så fort som mogeleg. I eit brev frå Krigskassedeputasjonen til stiftamtmann Undall frå 12. juli at står det at ”Penger nu til Krigs-udgifterne høiligen fornødier”, og at

”de til afvigte Juny forfaldene tvende quartaler saa Straxen og det snariste mueligt er, at incassere. Saa haver mand herr Stiftbefalingsmand venligst skulled anmode, hand vilde behage de vedkommende over alt udj Stiffted at tilholde, det de ej alleene nu de forfaldene tvende quartaler Krigs-Styr til derres Kongelige Majestæts Cassa uden ophold erlegger, mens endog den gode anstalt forføje, at de øvrige effterfølgende tvende quartaler ligeledes udj Rette og betimmelig tid uden Restanz erlagt vorder.”⁴⁸

Utifrå kjeldene får vi ikkje vite korleis bøndene reagerte på dette tidspunktet, men det som er klart, er at ”aldelis inted” hadde kome inn av skatten frå stiftet i løpet av sommaren, trass i

⁴⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 591, brev frå Slottslova til stiftamtmann Undall 30. april 1712.

⁴⁶ Gelting Andresen 2000, s. 93. Ståle Dyrvik hevdar at dagskatten vart utlikna på skatteytarane i dei ulike futedøma etter matrikkelen på landet. Dyrvik 1998, s. 372.

⁴⁷ Vigrestad 1978, s. 10, 50.

⁴⁸ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 602, brev frå Krigskassedeputasjonen til stiftamtmannen 12. juli 1712.

formaningane frå Krigskassedeputasjonen.⁴⁹ Då styresmaktene byrja å krevje inn pengane utover hausten, er det tydeleg at bøndene allereie stod samla i sin motstand mot skattebyrdene. I dei fogderia som har blitt undersøkt, stod bøndene gjennomgåande samla mot dei byrdene som futen la på dei. Hausten 1712 kom dette klarast til uttrykk på haussttinga i Indre Sogn, som tok til rundt midten av oktober. På den første tingsamlinga, i Norum skipreide den 19. oktober, svarte ”samptlig almue” at dei av ytste evne hadde forsøkt å framskaffe dei ordinære skattane, ”Men til dend allernaadigste paabudne krigsstyr betahling, som dennem ellers siuntes var u-taalelig, og alt for høy, om iche deris Kongl: Ma: allernaadigst vil giøre nogen forlindring der paa, har de icke kunde forschaffe nogen penger.”⁵⁰ Bøndene gav fleire grunnar til at dei ikkje makta å betale noko av dagskatten. Varene som dei hadde å selje i Bergen, var mellom anna så lågt prisa at det var vanskeleg å skaffe pengar, og dersom kongen ikkje ville skåne dei for dagskatten, meinte dei seg tvungne til å selje buskapen sin og anna husgeråd. Dette første haussttinget med at bøndene ”ydmygst begierede at deris nøed og trang motte blifve deris Kongl: Ma: allerunderdanigst foredragit, udi dend allernaadigste forhaabning at høystbemelte deris Kongl: Ma: udi denne paabudne Krigsstyr betahling bevviser naade til nogen forlindring.”⁵¹ Sjølv om futen ”ziterede sine forige formaninger og thingbrefues indhold” vart ikkje noko av dagskatten betalt. Desse reaksjonane var ikkje eineståande. På alle dei neste tingsamlingane gav bøndene det samme svaret som futen hadde fått på tinget i Norum.⁵²

Då haussttingssesjonane var over i Indre Sogn sorenskrivari, tok dei til i Ytre Sogn. Her gjentok det samme seg. På det første tinget forklarte bøndene at dei hadde prøvd å skaffe pengar til dagskatten, men at dei ikkje fekk selt varene sine i Bergen. Dei bad om at ”deris fattige Vilkaar maatte foredragis til en Allernaad: forsaansel, som de iche formaatte Videre at udlegge i Penge.”⁵³ Dette fortsette på dei neste tinga, ”hvor til Almuen Svared lige som udj foregaaende Skibreeder at det Var iche u-lydigh: Mens Gandske u-mueligt at Bringe

⁴⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 602, brev frå Krigskassedeputasjonen 19. september 1712. I dette brevet får vi også vite kvifor detasta med å få inn pengane. Kongen hadde 22. august sendt ein ordre til Krigskassedeputasjonen frå sitt hovudkvarter i Stade, frå felttoget i Bremen. Krigskassedeputasjonen informerte stiftamtmann Undall om at kongen ”allernaadigst er Intentioneret, at emplojere Eendehl af deris Norske Intrader, fornemmeligen daugskatten, til udgifterne udj Dannemarck for der ved des bedre at udføre de for dette aar der begynte Løckelige Krigsoperationer, hvilcke dend allerhøyeste Gud ydermere af sin naade vilde fordre og fremme, Saa er for høystnødig eragted, at dagskatten vorder holdet separeret fra de andre Kongl: Intrader, saa meget mueligt er, paa det naar deris Kongl: Maj¹ nermere allernaadigste ordre ankommer, om pengers need Remittering mand da herfra kunde prestere een anselig Summa”.

⁵⁰ SAB, Indre Sogn sorenskrivararkiv, I. A. nr. 27, hausstting Norum skipreide 19. Oktober 1712.

⁵¹ Ibid.

⁵² SAB, Indre Sogn sorenskrivararkiv, I. A., nr. 27, hausstting 21. oktober Sogndal skipreide, Solvorn 25. oktober, Luster 28. oktober, Lærdal 3. november.

⁵³ SAB, Ytre Sogn sorenskrivararkiv, I. A., nr. 27, hausstting Aurland og Nerøy skipreider, 8. Og 9. november.

Penge til Veye.”⁵⁴ Alt i alt kom det til syne ein kollektiv motstand mot desse nye skattebyrdene, og det kan tyde på at det var eit samarbeid på tvers av både tinglag og sorenskrivari i forkant av hausstingsesjonane.⁵⁵ Når det gjeld dei andre områda som har blitt undersøkt, er ikkje biletet like klart. I tingprotokollen frå Nordhordland har berre restansen på dei ordinære dagskattane blitt oppført, og elles får vi vite ”udi dette Skibbrede ej af nogen Mand ringest skilling paa dette HøsteTing udi dend Allernaadigste paabudne dagskatt er vorden betalt af nogen Mand.”⁵⁶ Dette gjentok seg, kanskje ikkje overraskande, også på dei andre tingsamlingane.⁵⁷ I tingbøkene for Sunnhordland og Hardanger er det ikkje nemnt nokon ting om dagskatten frå hausttinga. Kva som er årsaken til dette, er uvisst. Uansett kunne stiftamtmannen rapportere, rett nok før hausttingssesjonane var over, at ”der endnu iche af dend allernaad: paabudne Dagskat een Eeniste Skilling udi dette Stift på de nu holdende Høsttinger er blevne erlagt og betalt, og som dend Største Deel undskylder sig for u-formuenehed, som desværre er altfor sant.”⁵⁸

Allmugen sine reaksjonar mot dagskatten kom først ordentleg til uttrykk utover sommaren og hausten 1713, då ei ny runde med innkrevjing starta, og skattebyrdene voks.⁵⁹ Også no var det i Sogn at motstanden var sterkest, og i 1713 og 1714 kan vi sjå relativt klare skilnader i allmugen sine reaksjonar på dagskatten i dei ulike futedømma.

⁵⁴ SAB, Ytre Sogn sorenskrivararkiv, I. A., nr. 27, haussting Sjøstrand skipreide 12. November. Same svar gav bøndene på alle dei neste tingsamlingane, i Utvær 23. november, Lavik 25. og 26. november, Klevold 30. november, Kvamsøy 2. desember, Tjugum 6. desember og Vik 10. desember.

⁵⁵ John Vigrestad, som har teke for seg motstanden mot dagskatten i Indre Sogn, hevdar at det er svært sannsynleg at det hadde føregått utstrakt møteverksemeld blant allmugen, særleg fordi bøndene i det eine skipreide var klar over korleis bøndene i dei andre skipreida hadde oppført seg i forhold til dagskatten. Asgeir Lode viser til at dette også var tilfelle i Jæren og Dalane. Dersom allmugen i eitt skipreide ved starten av ein tingsesjon hadde restansar eller ikkje betalte på skattane, gjekk dette att i alle skipreida i sorenskrivarriet, der også grunngjevinga frå bøndene var lik. Lode meiner at ”allmenn skattestreik var kampforma deira”, og at dette utgjorde ein maktfaktor som sentralmakta og lokale embetsmenn måtte ta omsyn til. Vigrestad 1978, s. 53; Lode 1978, s. 25, 33.

⁵⁶ SAB, Nordhordland sorenskrivararkiv, I. A., nr. 33, haussting Skjold skipreide 20. oktober 1712.

⁵⁷ SAB, Nordhordland sorenskrivararkiv, I. A., nr. 33, haussting Sotra 24. oktober, Herløy 27. oktober, Radøy 29. oktober, 2. november Lindås, 5. november Gulen, 9. november Eikanger, 11. november Allenfits, 14. november Håsanger, 17. november Arna, 21. november Mjelde.

⁵⁸ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, stiftamtmannen si kopibok, brev til Slottslova 15. November 1712.

⁵⁹ 22. oktober 1712 hadde kong Fredrik IV, etter å ha fått opplysningar om problema med å få inn skatten frå Noreg (brev frå Slottslova til kongen 21. september 1712), bestemt at det for 1712 berre skulle krevjast inn første halvdelen av dagskatten, og den andre halvdelen skulle flyttast over til 1713. Likevel kom det ikkje inn noko særleg av denne skatten hausten 1712, og dette vart så gjort om til skatterestanse som også skulle betalast inn i 1713. I tillegg til dette vart det i ei kongeleg forordning datert 14. juni 1713 innført ein ny dagskatt for dette året. Bøndene vart i denne forordninga sette til å betale ein fjerdedel dagskatt. Denne skulle vere basert på ei ny likning av bøndene, som skulle bli foretatt av 12 eidsvorne menn i kvart skipreide. Denne forordninga vart gjort kjent for bøndene berre på dei seinaste sommartinga dette året, og elles fekk dei vite om dei nye bestemmingane på hausttinget. I 1713 var det altså snakk om tre ulike delar dagskatt som skulle betalast inn.

Oppstanden i Sogn 1713

Sogn var ein av dei stadane i landet der motstanden mot dagskatten var tydlegast og truleg best organisert. Bak opprøret i Sogn er det éin mann som utmerkar seg som ein leiarfigur, Niels Kristen Dankertsen Hvidhoved.⁶⁰ Det er ukjend når og kor han var fødd, og foreldra hans er ukjende.⁶¹ Han var borgar, og gifta seg rundt 1698 med Åsta Knudsdatter Glad, dotter til Knud Christophersen Glad, tidlegare sokneprest i Vik (1622-1657) og enke etter Anders Nagel, som eigde garden Nagløyri. Han hadde jekt som han frakta varer med til og frå Bergen.⁶² Utifrå futerekneskapa går det fram at han var sjølveigar, og i skattemanntalet for dei som betalte odelsskatt og rosstenesteskatt, står han oppført som "proprietær" for to gardar.⁶³ Han var busett i Sogndal skipreide i Indre Sogn, og var den einaste i Sogndal som i 1701-manntalet er nemnd som borgar. Då var han 35 år gammal. Han hadde før drive borgarnæring i Bergen og sidan flytta til Sogn.⁶⁴ Gustav Sætra har kome til at Hvidhoved på sine eldre dagar oppheldt seg på Sjøfarendes fattighus i Bergen, og at han derfor må ha vore sjømann, og mykje kan tyde på at han var skipper.⁶⁵ Det var altså ein ressurssterk person, ein borgar med koplingar til dei lokale embetsslektene, som stod fram som ein leiar for bøndene, og som med sine midlar hadde moglegheiter til å kunne fungere som ein god talsmann for bøndene si sak. Såleis kan han minne om ein meir kjend opprørar, Kristian Lofthus.⁶⁶

Rundt juletider 1712 skal bønder frå både Indre og Ytre Sogn ha samlast i Hafslø i Luster og der bestemt at Niels Hvidhoved skulle reise ned til København med ein supplikk som bøndene hadde skrive.⁶⁷ Våren 1713 tok han ferda ned til hovudstaden, og i juli var han tilbake.⁶⁸ Hvidhoved kunne fortelje, i eit brev til sin "velfornemme Ven" Christen Houge, at han hadde møtt kongen heile fire gongar og lagt fram bøndene sine klager, "og fick paa det sidste den

⁶⁰ Sandal (red.) 1986, s. 815.

⁶¹ Norsk Biografisk Leksikon, bind 4, s. 426.

⁶² Hoprekstad 1951, s. 229; Timberlid 2007, s. 176.

⁶³ Vigrestad 1978, s. 56.

⁶⁴ Sandal (red.) 1986, s. 649.

⁶⁵ Sætra 1998, s. 305.

⁶⁶ Likskapane mellom Kristian Lofthus og Niels Hvidhoved (kalla Kvithovud) blir også trekt fram i Døssland og Løset 2006, s. 252f.

⁶⁷ Helland 1901, s. 851; Koht 1926, s. 273; Vigrestad 1978, s. 57.

⁶⁸ At Hvidhoved faktisk var i København og kan ha fått audiens hos kongen kan også andre kjelder tyde på. 30. mai skreiv Rentekammeret til Slottslova og opplyste om at kongen hadde sendt dei to supplikkar "fra Almuen udj Ytre oc Indre Sogns fogderie om Dagskattens Taxation, hvorover de beklager sig, icke at kunde formaae den at betale, helst som de derudj Anfører, endeel extra paabudder at være paalagt, hvorom os intet er bekient." RA, Stathaldararkivet, D. II. Pk. 6, brev frå Rentekammeret til Slottslova 30. mai 1713. Desse påboda som blir referert til her var rett nok ikkje dagskatten, men ei rekke påbod angåande soldatundering som bøndene hadde blitt sett til å betale.

svar, at vi skulle blive hiulpen der ieg med en ydmygste buck tagte hannem.”⁶⁹ Ifølgje Hvidhoved var kongen uvitande om desse skattepåboda, og han var svært forundra over at nokon våga å påby noko slikt utan kongens løyve. Hvidhoved hadde fått som svar at bøndene skulle ”bekomme den hielp som Kongen vil forunde os”, og at kongen skulle sende ein resolusjon til Slottslova. Inntil vidare var bøndene fritekne for å betale skatten. Han avslutta brevet med at han hadde meir å fortelje ”men ieg tør icke betroe Pennen naar vi findis skal ieg fortelle Eder hvad ieg icke tør skrive.”⁷⁰

Då Hvidhoved var tilbake i Sogn i juli, var sommartingssesjonane i gong. I Sogn tok dei til i Ytre Sogn, og denne gongen var det militære til stades på tingsamlingane. 6. mai hadde nemleg Slottslova gjeve futen ordre om å setje i verk militær eksekusjon,⁷¹ ein praksis som styresmaktene i Christiania hadde tatt til orde for å bruke alt hausten 1712.⁷² Militær eksekusjon gjekk ut på soldatar vart innkvartert hos dei skatteskyldige fram til skattane vart betalt. På sommartinget i Lavik 5. juli var ein kaptein Bagger til stades, med ”ordre att forrette Executionen.”⁷³ Då vart det oppstyr inne i tingstova. Etter at dei offentlege breva vart lest opp, ”blef it opløb af Almuen, med Stor Ifrigh: Bulder og Allarm, Truede og undsagde om nogen Execution kom til dennem skulde de iche Gaae Lefvende igien af derris Gaarde.”⁷⁴ Ein av bøndene som var til stades, konfronterte kaptein Bagger ”med Stoere truesels ord”, om at dersom han kom for å eksekvere dei, skulle dei møte han med staur og andre våpen. Det heile enda med at futen måtte oppheve tinget og halde fram dagen etter.

Etter at fire av sju tingsamlinger var overstått i Ytre Sogn, tok dei til i Indre Sogn. På sommartinget i Sogndal, 15. juli hadde ingen ringare enn Niels Hvidhoved møtt opp. På tinget kunne Hvidhoved fortelje bøndene at han hadde møtt kongen, som ikkje hadde høyrt om dagskatten, og fått kongen sin resolusjon på at dei hadde blitt fritekne for å betale denne. Ifølgje futen, Peder Iversen Leganger, ville ”den Eenfoldige Almue heller [...] rætte sig effter

⁶⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 602, brev frå Niels Hvidhoved til Christen Houge 12. juli 1713.

⁷⁰ Ibid.

⁷¹ Brevet frå Slottslova er referert til i tingboka, og det vart lest opp på sommartinga.

⁷² I brev til stiftamtmann Undall og stiftamtskrivaren 4. november 1712 frå Krigskassedeputasjonen vart det tatt til orde for bruk av militær eksekusjon for å få inn dagskatten. I eit brev frå Krigskassedeputasjonen til stiftamtskrivaren i Bergen vart denne informert om at kommandanten på Bergenhus festning, oberst Tuchsen, hadde blitt beordra til å stille med 1 løytnant, 1 underoffiser samt 24 menige som skulle stå til hans rådigheit til eksekusjon for dagskatten.

⁷³ SAB, Ytre Sogn sorenskrivararkiv, I. A. nr. 28, sommarting Ladvig skipreide 5. juli 1713.

⁷⁴ SAB, Ytre Sogn sorenskrivararkiv, I. A. nr. 28, sommarting Ladvig skipreide 5. juli 1713.

hans løese tahle end de høye ordre som for dennem blef ankyndiget”,⁷⁵ og han hevda at Hvidhoved hadde forbode bøndene å betale dagskatten.⁷⁶ Leganger kunne også fortelje at Hvidhoved hadde sendt bod til dei andre skipreida ”om samme sit Erindes løchelige progress, hvoreffter de sig skulde vide at rætte og ingen Dag-Skat erlegge, hvorofver Almuen nesten ofver det gandske Foegderie ere bragte till modvillighet og udj de tanker at de for samme Skat skulde blifve forskonede.”⁷⁷ Hvidhoved var altså svært aktiv etter at han kom tilbake, og då ting sesjonane tok til att i Ytre Sogn, dukka han opp på sommartinget i Sjøstrand skipreide 27. juli. Her fortalte han det samme som han sagt til dei frammøtte i Sogndal. Då Leganger bad han vise fram dokument som kunne påvise at bøndene hadde blitt fritekne for å betale skatt, svarte Hvidhoved at han hadde overlevert dette til Slottslova, og at det var å vente at det innan kort tid ville kome instruksar frå Christiania. Som ein følgje av dette ”blef Stor bulder og Allarm, med de ord, denne deris Sendinge Bued forsichrede de sig om at tahle Sandhed, paastod Execution maatte Ophæfved, eller skulde de foriage dend.”⁷⁸

Desse hendingane førte til at ting tilspissa seg i Sogn. Leganger skrev på nytt til stiftamtmannen og skildra korleis situasjonen hadde utvikla seg. Nokon hadde rett nok tilbydd seg å levere inn varer for skatten, ”nemlig Kiører, Gryder Sengeklæder etc. som ey kand imodtages”, men folk hadde ”faaet mistanche til Hvidhoveds rigtighed” og storparten av bøndene hadde nekta å betale inn noko som helst korkje av dagskatten eller eksekusjonsgebyr. I tillegg til dette hadde bøndene truga soldatane på livet og jaga dei derifrå.⁷⁹

Vel ein månad seinare fekk så stiftamtmann Undall ordre frå Slottslova om å pågripe Hvidhoved og fengsle han på Bergenhus festning.⁸⁰ Om natta den 29. september hadde han blitt arrestert og i all hast frakta til Bergen. Ryktet om arrestasjonen hadde spreidd seg fort blant bøndene, og 2. oktober skal, ifølgje Leganger, ein stor del av allmugen frå dei fleste skipreida i Indre Sogn ha samla seg utanfor fute-garden. Der hadde dei truga futen, og ”med mange haarde Trudsels ord” tvinga han til å skrive under på eit dokument der han lovde å få

⁷⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmann Undall 19. Juli 1713. Denne episoden med Hvidhoved på tinget er av ein eller annan grunn ikkje protokollført i tingboka, og kjelda til dette er Leganger sitt brev til Undall.

⁷⁶ Dette var ifølgje bøndene sjølv ikkje tilfelle. I ein supplikk datert 21. november 1713 avkrefta dei denne påstanden: ”(...) saa kand vi med ald sandhed sige at bemelte Nils Hvidhofvet, icke har formanet eller forbødet os samme skat at udlege eller betahle, men hand sagde at han forventede svar paa Almuens veigne fra Vice-Stadholder, hvor hand foregaf at hafver leveret dend ordre hand førté med sig fra det Kongl: Rente Camer.” SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 10a, supplikk frå bøndene i Indre Sogn 21. november 1713.

⁷⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmann Undall 19. juli 1713.

⁷⁸ SAB, Ytre Sogn sorenskrivararkiv, I. A. nr. 28, sommarting Sjøstrand skipreide 27. juli 1713.

⁷⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til Slottslova 8. august 1713. Brevet frå Leganger har ikkje vore å oppdrive og er her referert til frå stiftamtmannen sitt brev.

⁸⁰ RA, Stathaldararkivet, U. IV., pk. 8, brev frå Slottslova til stiftamtmann Undall 8. September 1713. Undall mottok denne ordenen ti dagar seinare.

Hvidhoved tilbake til Sogn innan ti dagar.⁸¹ Leganger kunne fortelje at samtlege bønder ville, dersom ikkje Hvidhoved var tilbake innan tidsfristen, gå til åtak på han ”og dermed revangere sig effter egen hidsige og Brutaille villie”, og han meinte at han no var i ”største lifs fahre, saa vi hverchen inden eller uden Huuset kand være siche paa vores lif og velfærd.”⁸² Derfor bad han om å få tilstrekkelege forsterkningar frå festningen for å få roa ned bøndene, ”hvilchet i denne u-roelighed iche med ringe magt kand udføres”. Kor alvorleg situasjonen eigentleg var er vanskeleg å seie noko sikkert om. Bøndene gav iallfall ein annan versjon av kva som hadde hendt: ”efter alting var ofverstaaen [...] gick vi ind udi stuen og forspurde os hoes fougden om Nils Hvidhofveds medfart og som vi af fougden begierede at han maatte stille paa frifoed igien, gaf hand os en seddel at hand inden 10 dager skulle komme tilbagers.”⁸³ Det verkar lite truleg at futen skulle ha gått med på dette av eigen vilje, men ifølgje bøndene foregjekk ”alting udi stilhed, og hvær gick hiem til sit saa at fougden icke i ringeste maade blef rørt, hvor ved icke passerede noget oprør, sammenvoldelse eller stempling.”⁸⁴

Kva som er den mest korrekte framstillinga av hendingsforløpet, er ikkje godt å seie, begge partar hadde nok interesse av å høvesvis svartmale og skjønnmale omstenda. Det var uansett futen sin versjon som nådde styremaktene først og som dei sette sin lit til, og det vart sendt éin offiser og 24 menige soldatar til Indre Sogn.⁸⁵ Etter dette ser det ut til at ting roa seg i Indre Sogn. Likevel hadde bønder frå heile sorenskrivariet i slutten av november samla seg hos sorenskrivar Giert Heiberg, ”saa at mit [sorenskrivaren] huus blef gandske fult af Mal-Contenter”. Dei tvinga han til å skrive ein supplikk for dei. Ifølgje Heiberg meinte bøndene på dette tidspunktet at Undall var blitt ”formeget medholdelig med Fougden, huorfore de nu iche wil anmelde sig hoes Welbaarenhed med denne, langt mindre hoes Slodzlougen.” Bøndene hadde ikkje tiltru til embetsmennene i Noreg og planla no i staden å reise til kongen sjølv med si sak.⁸⁶ I tillegg torde korkje futen eller sorenskrivaren å halde haussting i Indre Sogn i ein slik spent situasjon.

Akkurat når det gjeld hausstinga, kan vi sjå visse lokale skilnader. Tidlegare på året hadde det kome ordre om å foreta ei ny likning av dagskatten, ved hjelp av 12 eidsvorne menn, ”6 af de Velholdeligste og 6 af de Ringere Bønder ligeledes Skal aflegge Deris Ed”, i kvart

⁸¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmann Undall 3. oktober 1713.

⁸² SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmann Undall 3. oktober 1713.

⁸³ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 967, supplikk frå bøndene i Indre Sogn 21. november 1713.

⁸⁴ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 967, supplikk frå bøndene i Indre Sogn 21. november 1713.

⁸⁵ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmann Undall til Slottslova 10. oktober 1713.

⁸⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 967, brev frå sorenskrivar Heiberg til stiftamtmann Undall 5. desember 1713.

skipreide.⁸⁷ Dette skulle skje på hausttinget, og bøndene i dei forskjellige fogderia reagerte til dels svært ulikt på dette. Medan takseringa og eidsavlegginga gjekk føre seg utan store problem i heile Sunnhordland sorenskrivari og på den første tingsamlinga i Jondal skipreide i Hardanger, var ikkje dette tilfelle på dei andre tingsamlingane i sorenskrivarriet. I Øystese skipreide, den 24. oktober, svarte dei 12 utpeikte at ”alle formeente sig i den forrige taxation ingen forandring enten til Ophøyelse eller Afslag kunde giøre, vilde dog til Eeds afleggelse ey lade sig ofvertale”.⁸⁸ Og slik skulle det fortsette på dei resterande tinga. Dei utnemnde mennene vegra seg mot å avlegge eid, og ”formenede det raadeligst, forrige taxation blev uden forandring og Ved magt staaende.”⁸⁹

I Nordhordland var derimot tonen ein annan blant bøndene. Dei som vart utnemnde nekta rett og slett å gjere dette, bortsett frå to menn i Radøy, ”Johannes Qvidsteen og Erik Kaalaas svarede sig at ville aflegge deris Eed paa at taxere Ret: de andre 10 svarede reent ud nej at de ikke ville giøre det.”⁹⁰ I dei ti andre skipreida nekta alle dei 12 mennene å avlegge eid på den nye takseringa.⁹¹

Medan det i Indre Sogn på grunn av dei spesielle omstenda ikkje vart halde haustting, gjekk dette føre seg som normalt i Ytre Sogn. Her gjekk det ikkje stort betre enn i Nordhordland. Då dei utpeikte bøndene skulle avlegge eid på den første tingsamlinga, enda det med at ”alle benegte Hvercken at Vilde Giøre Æd, ej heller kunde Taxere nogen for skat, Som de iche Viste en hvers tilstand og formufve.”⁹² Dette gjentok seg gong etter gong: ”Samptlig veyret sig at avlegge nogen Æed, Giorde derris undskyldning, at det var dennem Gandske u-mueligt at Kunde vide en hvers Midel og formufve, bad derfore ydmygelig at de derfore maatte blifve undskyldt.”⁹³

I 1714 roa tilhøva seg i Sogn. Ei gruppe bønder reiste rett nok ned til København for å få gjennomslag hos kongen for å få sleppt fri Hvidhoved, men desse vart arrestert i

⁸⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmann Undall til alle futane 22. september 1713.

⁸⁸ SAB, Hardanger, Voss og Lysekloster sorenskrivararkiv, I. A.d nr. 7, haustting Øystese 24. oktober 1713.

⁸⁹ SAB, Hardanger, Voss og Lysekloster sorenskrivararkiv, I. A.d nr. 7, haustting Ullensvang, Odda og Kinsarvik 27. oktober. Det samme svaret kan vi lese i tingprotokollen frå hausttinget i Ulvik, Eidfjord og Graven 30. oktober og Vangen 30. november.

⁹⁰ SAB, Nordhordland sorenskrivararkiv, I. A. nr 33b, haustting Radøy skipreide 6. November. I eit referat frå eit tinga halde 8. November 1712 får vi vite at Johannes Qvidsteen var svigerfar til Erik Kaalaas.

⁹¹ SAB, Nordhordland sorenskrivararkiv, I. A. nr. 33b, hausting Skjold 27. oktober, Sotra 30. oktober, Herløy 2. november, Lindås 9. november, Gulen 14. november, Allenfits 16. november, Håsanger 18. november, Eikanger 21. november, Arna 4. desember, Mjelde 6. desember 1713.

⁹² SAB, Ytre Sogn sorenskrivararkiv, I. A. nr. 28, haustting Ladvig skipreide 29. november 1713,

⁹³ SAB, Ytre Sogn sorenskrivararkiv, I. A. nr. 28, haustting Klevold skipreide 2. desember 1713. Det samme gjentok seg i Vik skipreide 4. desember, Kvamsøy skipreide 6. desember, Sjøstrand skipreide 12. desember og Tjugum skipreide 13. desember.

hovudstaden,⁹⁴ og i februar hadde også nokre bønder frå Ytre Sogn reist nedover, mot stiftamtmann Undall sin vilje.

I mellomtida pågjekk granskinga i saka mot Hvidhoved, som hadde tatt til mot slutten av året i 1713.⁹⁵ Leganger hadde fått ordre om å finne ut kven som stod bak og var hovudmenn bak opprøret. Han kunne fortelje at tenestejenta til Hvidhoved, dagen før bøndene samla seg utanfor futegarden, hadde sendt "een Skalkagtig Huus-Mand", som også skulle ha tenestegjort hos han, rundt omkring for å mobilisere folk. Ifølgje Leganger hadde "samme Qwindfolck oplagt Øel frit at fortære" for dei som var med på oppstanden. Av andre hovudmenn utpeikte Leganger tre bønder frå Luster skipreide, nemleg Christen Houge, Erich Swendøe og Johannes Aarsthun, "som Jeg nock vill meene at være Hofved-Mænd og instigatores, endog Jeg ey nogen fuldkomen beviis derom kand hafve."⁹⁶

Ut på sommaren 1714 hadde det falle dom i saka. Kommisjonen hadde dømt Niels Hvidhoved og tenestejenta hans til døden,⁹⁷ ein av bøndene til livstid på Bremerholm, tre andre til høvesvis 1, 2, og 3 år i tillegg til bøter og fleire andre til mindre straffer.⁹⁸ Hvidhoved fekk likevel saka si opp for Overhoffretten. Om dette var eit resultat av bøndene si reise til København våren 1714 er uvisst.⁹⁹ Kor som er, vart Hvidhoved og tenestejenta hans

⁹⁴ Rentekammeret kunne melde at desse bøndene skulle "til Exempel for andre [...] ansees med Arbeide her i Citadellet paa Vand oc Brød, oc icke nyde nogen betaling af Almuen for denne deris u-nødvendige Reiser hened." SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 489, brev frå Rentekammeret til stiftamtmann Undall 14. april 1714. Våren 1715 sat dei enno i fangenskap i København. 9. mars 1715 skreiv Rentekammeret til Undall og bad om å få vite om tilstanden i stiftet, med tanke på om det var forsvarleg å kunne lauslate "de i Citadellet arbeydende Bønder." Undall meinte, i sitt svar til Rentekammeret 9. april 1715, at dei inntil saka mot Hvidhoved vart ferdigbehandla burde "blifve besiddende, thi ellers var det at befrychte at De ichun Skulle gjøre liden Reflection paa Deris forrie formastelse og Saaledis paa Nye Kunde afstaedkomme meere fortrædelighed som dette Fogderj i heele Norge der har været det først som har ført Almuen paa andre Stæder i Uroelighed." Det er uvisst når desse kom tilbake til Sogn.

⁹⁵ Slottslova utnemnde 10. desember ein undersøkingskommisjon i saka mot Hvidhoved, nemleg lagmannen i Bergen Niels Knag, assessor i Overhoffretten Wilhelm Hansen, politi- og borgarmeisteren i Bergen Claus Fasting og rådmannen i Bergen Peter Ruhmohr. Desse vart sette til å etterforske opprøret i Sogn. Samstundes vart Niels Bagge, som var advokat i Bergen, utnemnd til aktor i saka. Han skulle få tilsendt alle dokument om Hvidhoved frå stiftamtmannen og Leganger, og fekk ordre om, straks etter at dom vart avsagt, å "tilstille Acten fuldstendig beskreven, og samme dereffter til Voris Slotzlou at indsende, og i øvrigt med all flid paadrifve, at Sagen allerforderligst skee kand, bliver til Ende bragt." RA, Stathaldararkivet, C. IV., pk. 8, brev frå Slottslova til Niels Bagge 10. desember 1713.

⁹⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 602 brev frå Leganger til stiftamtmann Undall 13. November 1713.

⁹⁷ Dei to vart dømt utifrå Christian V's Norske Lovs 6. bok, 4. kapittel, 13. artikkel: "Befindis nogen at opsætte sig, eller at raade andre til at opsætte sig, imod Kongens Befalinger, eller Forordninger, naar de paa Ting, eller andenstæds, forkynnis, have forbrut Ære, Liv og Gods."

⁹⁸ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til Rentekammeret 31. juli 1714.

⁹⁹ I eit møte i Slottslova 26. september 1714 vart ein kongeleg ordre frå 7. september om at Hvidhoved og tenestejenta si sak skulle opp for Overhoffretten tatt opp. Det vart bestemt at medlemmane i kommisjonen som hadde dømt Hvidhoved skulle sende alle dokument til Slottslova. RA, Stathaldararkivet, A. I., pk. 6, møte i Slottslova 26. september 1714.

sendt til Christiania sjøvegen ut på vinteren 1715.¹⁰⁰ Saka mot dei vart ikkje teke opp i Overhoffretten før i april 1718. Der vart begge to frikjende for å ha vore ansvarlege for opprøret, og både Leganger og kommisjonen vart sett til å betale 100 riksdaler i erstatning.¹⁰¹

Om tenestejenta heiter det i dommen at

"efftersom Hun som et umyndigt og skrøbeligt qvindes Menniske ey kan anseeis som Hoved-Mand for nogen stempling eller oprør men hendis omgang heller considereris at være skeed eendeel af uforstand eendeel af sorrig over hendis Husbondis ulyke, saa friekindis hun ligeledis og ladis paa frie fod."¹⁰²

Dette var likevel ikkje slutten på saka. I 1720 dømde i Høgsterett dei til eitt års fengsel,¹⁰³ og året etter var dei tilbake i Sogndal.¹⁰⁴

Etter at oppstanden i Sogn hadde ebba ut, dukka det opp ny motstand mot skattebyrdene andre stader i stiftet. På vårtinget i Jondal i Hardanger 3. mars nekta bøndene å føye seg etter futen Oluf Larsen då han skulle krevje inn dagskatten: "hand fik av en del til Svar med Skriig og Raab af alle Mand som med en Mund gaf tilkiende at de ej ville betale betale videre enn en fierdepart af det de forleden aar har svaret, som var ikkun den 8^{de} Part af dend fulde Taxt."¹⁰⁵

På sommartinget i Jondal 10. juli sette bøndene seg nok ein gong opp mot futen, "ja verre end til Vaartinget". Ifølgje Larsen nekta dei nok ein gong å betale meir i dagskatt enn i 1712. Bøndene truga futen med å "tvinge mig til dermed at være fornøyet, og icke dennem for Resten at maatte exeqvere, saa frembt det skeede, ville de exeqvere mig siden."¹⁰⁶ Det hadde blitt leven inne i tingstova, lensmannen hadde vorte sendt på dør av bøndene, og lagrettemennene var etter futen si meinings "mest i Compagnie med de andre." I tillegg hadde det dukka opp to personar fra Kinsarvik tinglag for å sjå korleis det gjekk føre seg på tinget.¹⁰⁷ Larsen peikte ut tre hovudmenn, Lars Torvig, Torchild Samsonsen Torvig og Jacob Brække,

¹⁰⁰ 21. januar 1715 bad Slottslova Undall om å sørge for å frakte Hvidhoved og tenestejenta hans på ein sikker måte til Christiania. Slottslova bad vidare om at han måtte bli transportert sjøvegen, då det "skulle være betenklig til Lands at lade dem nedføre, igjennem de Sogner hvor Niels Hvidhoved oprør og stempling iblant Bønderne skal have foraarsaget." RA, Stathaldararkivet, C. IV., pk. 8, brev frå Slottslova til stiftamtmann Undall 21. januar 1715. Eit par veker seinare vart dei begge sendt austover med ein fregatt.

¹⁰¹ "Hans seqvestrerede Gods og Midler restitueris af vedkommende, og bethaler fogden Peder Iversen Leganger der ved sin angivelse først haver foraarsaget Niels Hvidhoved denne forefølgning og ulempe til ham udj nogen tides erstatning et hundrede Rixdahler, ligeledis bethaler Commissarierne sammen for deris uliige dom et Hundre Rixdahler, hvilket alt Sex uger effter denne dombs lovlige forkynELSEDE udreedis skall." RA, Overhoffretten, Avsiktspokoll 48, 1718-1718, dom nr. 27.

¹⁰² Ibid.

¹⁰³ Koht 1926, s. 274.

¹⁰⁴ Sandal (red.) 1986, s. 820.

¹⁰⁵ Tingboka for Hardanger som dekkjer 1714 har ikkje blitt bevart, iallfall ikkje i Statsarkivet i Bergen, men denne episoden er referert til i eit brev frå stiftamtmannen til Rentekammeret 20. mars 1714.

¹⁰⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 673, brev frå Larsen til stiftamtmann Undall 23. juli 1714.

¹⁰⁷ Ibid.

og desse vart til slutt pågripne og sett i jern på Bergenhus festning utpå hausten.¹⁰⁸ Der sat dei medan det vart sett i gang gransking av oppstanden. I mellomtida arbeidde både bøndene i Jondal og Oluf Larsen for at dei skulle bli sleppte fri. Bøndene oppsøkte stiftamtmannen og skreiv supplikkar til kongen der dei bad om lauslating av dei tre pågripne. Svaret frå København, vidareformidla via visestatthaldar Krag, var at undersøkingskommisjonen mot bøndene skulle ”beroe”.¹⁰⁹ 15. april 1715 gav så Undall beskjed til oberst Tuchsen på Bergenhus festning om dette, og at han hadde bevilga dei ”paa 3 a 6 uger fra underskrefne dato” å reise heim.¹¹⁰ Nesten eitt år seinare, 26. mars 1716, møtte ”de trende Oprørere udj Joendahls Sogn” opp i Bergen for å få opplese kongen si benåding.¹¹¹

Bondemotstanden – ei drøfting

Motstand mot dagskatten arta seg svært forskjellig i dei ulike delane av amtet i denne perioden, og det var i Sogn at den kom sterkest til uttrykk. Bøndene viste her ein stor vilje til ein open konfrontasjon med dei lokale embetsmennene om dei nye skattebyrdene. Det ser ikkje ut til at bøndene var mykje fattigare her enn andre stader. Faktisk hevda stiftamtmann Undall at det var bøndene i Sunnhordland som var dei fattigaste i stiftet.¹¹² Likevel gjorde dei minst motstand mot skattebyrdene og var dei første til å betale inn dagskatten. Dette gjorde dei også eit poeng ut av. Då dei vendte seg til kongen minte dei han på at dei i Sunnhordland

¹⁰⁸ Undall hadde informert Rentekammeret i København om oppstanden allereie dagen etter Larsen skreiv sitt brev, 24. juli, og 10. september gav kongen ordre til Slottslova om å sørge for at dei tre vart pågripne og innsette i jern på Bergenhus festning. Slottslova bestemte at kommisjonen i saka mot Hvidhoved skulle etterforske også desse bøndene og gjentok kongen sin ordre til stiftamtmannen 25. september. Undall nølte ikkje med å ta affære og gav kommandant Tuchsen ordre om å sende ein underoffiser med ”3 a 4 Musqvetterer” for å arrestere bøndene. Larsen vart samstundes beordra om å assistere dei utsende soldatane om det skulle vere naudsynt. Om lag tre veker seinare hadde soldatane kome tilbake til festningen med dei tre tiltalte bøndene, sjølv om ikkje alt hadde gått etter planen. Det viste seg at soldatane hadde arrestert feil mann. Ein viss Torchel Tostensen hadde blitt pågripen og ført til festningen i staden for Torchel Samsonsen.

¹⁰⁹SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til Rentekammeret 9. april 1715.

¹¹⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til oberst Tuchsen 15. april 1715.

¹¹¹ 23. november 1715 skreiv kongen frå sitt hovudkvarter i Stralsund (byen var under svensk kontroll og denne hausten byrja eit felles dansk-prøyssisk felttog i Nord-Tyskland) til visestatthaldar Krag og dei øvrige medlemmane i Slottslova og informerte om eit svar på allmugen i Jondal sin supplikk om å benåde både dei sjølve samt ”deris trende paagrebne og paa Bergenhuis fæstning arrestedede Sogne Broder maatte allernaadigste løsgivis og den over dem forordnede Commission ophævis.” Dei gav som årsak at dei allereie før ordren om opprettinga av kommisjonen hadde betalt inn dagskatten. Kongen hadde bestemt at sidan ”fornefnte Sognemænd erkiender deris feil” og hadde betalt inn restansane, skulle dei fengsla bøndene, så snart dei hadde gjort det same, bli benåda. Baron Krag skulle ”give dem een sterk reprimande, med det tilheng, at saa fremt de her effter i saadant igjen maatte ertagis, at de da uden nogen naade skal straffis paa livet.”

¹¹² Undall hadde sjølv vore til stades på sommartinga i Sunnhordland 1713 og sett med eigne auge og forhørt seg om tilstanden til bøndene her, noko som han rapporterte om til Slottslova 8. august. I ein resolusjon på bøndene i Sunnhordland sin supplikk til kongen 3. november 1713 kunne Undall bekrefte det bøndene påpeikte i sin supplikk, nemleg at dei var dei første i amtet til å betale inn den første halve dagskatten og at dei i dette fogderiet var særleg fattige, ”da de andre Fogderierne er af alt saa gode og bædre vilchaar end disse, og dog icke til denne tid samme har betalt.” SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 10a, stiftamtmannen sin resolusjon 17. november på supplikken frå 3. november 1713.

ikkje ”som eendeel andre Stæder er ladet os finde modtvillige (Hvorfra Gud i Himmelens bevare) men vi har af ald magt stræbet Deris Kongl: Maj^{ts} allermaadigste Villie hørsommeligst at effterleve, hvilchet vi og altid giøre skal, ja end og vil vofve liv og blod når fornøden giøris.”¹¹³

Bøndene i Sogn hadde eit sterkt samhald og var på eit tidleg tidspunkt godt organisert, også på tvers av sorenskrivarigrensene. Dette må ha spelt inn, og jo fleire ein var og jo betre organisert ein var, dess sterkare stod ein overfor styresmaktene. Niels Hvidhoved si rolle som leiar for opprøret må også ha vore viktig. Han var ein ressurssterk person med autoritet blant bøndene, ein som dei kunne samle seg rundt. Sjølv etter at han hadde vore arrestert, var det ein organisert motstand, med bondeleiarar som var knytt tett opp mot han. Eit slikt samhald kan vi spore også i Nordhordland i samband med haussttinga i 1713, og i Jondal i Hardanger i etterkant av det som hadde gått føre seg på tinga der våren og sommaren 1714, handla bøndene kollektivt når dei freista å få stoppa rettsorfølginga av dei tre pågripne bøndene.

Ei annan årsak kan sjølvsagt vere materielle forklaringar. I eit kapittel i andre band av *Vestlandets historie* spør forfattarane seg kvifor bøndene på Vestlandet oftare enn i andre delar av landet gjorde aktiv motstand mot dei statlege påboda, og kjem med ulike hypotesar. Ei mogleg forklaring er at skattetrykket vart meir direkte merkande for bøndene på Vestlandet enn andre stader i landet. I andre landsdelar forskotterte gjerne eigarane av store bruk og verk skatten for bøndene mot å sikre seg auka vareleveransar for dei. Ein slik fleksibel tilgang til kreditt kunne føre til at auka skattekrav fekk mindre konsekvensar for kvar enkelt bonde.¹¹⁴ Vestlandsbøndene stod derimot utanfor slike forskotteringssystem, og hadde til vanleg moderate gjeldsband og var meir økonomisk uavhengige. Bøndene rundt Bergen leverte til dømes knapt nok varer til kjøpmennene i byen, men selde konsumvarer til vanlege byfolk. Derfor måtte dei sjølve skaffe fram skattepengane, og dermed vart skatteauken meir dramatisk for dei enn det vart for bønder i andre landsdelar.¹¹⁵

Kan dette forklare oppstanden i Sogn? Det vi har sett i tingbøkene for nettopp Sogn, er at bøndene ikkje fekk selt varene sine i Bergen, og derfor ikkje hadde pengar til å betale dagskatten sommaren 1712. Om bøndene i Sogn var sterkare råka av dette enn i andre delar av stiftet, og om dei i større grad var avhengige av å få selt varene sine i Bergen enn bøndene i Hardanger, Sunnhordland og Nordhordland for å få inn pengar til skatten, er vanskeleg å

¹¹³ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 10a, supplikk frå bøndene i Sunnhordland til kongen 3. november.

¹¹⁴ Døssland og Løseth 2006, s. 253.

¹¹⁵ Ibid.

seie utifrå dei kjeldene som har blitt undersøkt, men det at dei sjølve bruker dette som argument kan tyde på at det har noko for seg.

I tillegg til dei lokale skilnadane i bøndene sine reaksjoner er eit anna interessant moment i bøndene sine reaksjonar dei likskapane som kom til syne. I møtet mellom bøndene og skatteoppkrevjarane kan det sjå ut som om bøndene handla etter eit fast mønster, eller det som den amerikanske antropologen og statsvitaren James C. Scott kallar "public transcript". Poenget til Scott er at det i tilhøvet mellom styrande og styrte i asymmetriske maktrelasjoner eksister både ein open og ein skjult diskurs. Den opne diskursen kallar han "public transcripts", definert som "the open interaction between subordinates and those who dominate."¹¹⁶ Slik Scott ser det, vil undersåttane sine offentlege ytringar "out of prudence, fear and the desire to curry favor, be shaped to appeal to the expectations of the powerful."¹¹⁷ Det gjeld å ikkje gå utanfor dei etablerte rammene i dei eksisterande maktforholda, og dermed utfordre dei normene som regimet er tufta på. Den opne interaksjonen mellom bønder og embetsmenn foregjekk i stor grad på tingsamlingane. Bøndene gav fleire stader dei same svara når futen kom og skulle krevje inn skatten. Dei hadde ikkje klart å få inn pengar, og dei tilbaud seg å betale inn skatten i både husdyr og husgeråd. Dette må dei ha visst at futen og dei utsende eksekutantane ikkje kunne ta imot som betaling på ein pengeskatt. Med dette signaliserte dei at dei ikkje sette seg opp mot sjølve dagskatten, og dermed kongen sin vilje, og at dei gjerne ville betale den om dei hadde pengar til rådighet. Dette kan også tolkast som eit spel frå bøndene si side, ein skjult motstand, det som Scott kallar "hidden transcripts". Denne skjulte motstanden karakteriserer "discourse that takes place 'offstage', beyond direct observation by powerholders."¹¹⁸ Dette kan også seiast å vere tilfelle når det galdt dei utnemnde bøndene si vegring mot å gjennomføre ei ny taksering av skatten i 1713. Når dei gav som svar at dei ikkje hadde nokon føresetnad for å kunne foreta ei rettferdig likning av bøndene, då dei ikkje hadde kunnskap om formua eller skatteinnevne deira, kan dette sjåast på som ein slags skjult sabotasje, ein måte å protestere på utan å trasse eineveldet sine spelereglar.

¹¹⁶ Scott 1990, s. 2.

¹¹⁷ Ibid.

¹¹⁸ Scott 1990, s. 4.

På same måte kan vi tolke den kongetruskapen som bøndene kommuniserte. I fleire supplikkar vendte dei seg til kongen og bad om å bli skåna for skattebyrdene, og i fleire tilfelle reiste bøndene nedover til København sjølve for å leve supplikkar.¹¹⁹ Det at bøndene hadde ein særeigen lojalitet til kongen i København, og nærmast oppfatta han som ein alliert mot dei lokale embetsmennene, er gjennomgåande i korleis fleire historikarar har forstått forholdet mellom kongen og den norske allmugen. Berre ved å nå fram til kongen og leggje fram dei urettane som folket vart utsett for, ville dei oppnå rettferd.¹²⁰ Mellom anna har Halvdan Koht heva at det var vanleg at den norske bonden kalla kongen for "far, og han meinte ålvor med det." Med dette meinte han "ein ideal-konge [...] det var gjennom dansketida forsøre for lova dei såkte hos kongen, og dei trudde alltid det var mogleg å skilja han ifrå embetsverket hans."¹²¹

Ein sterk kongetruskap var ikkje eit særnorsk fenomen, men snarare eit karakteristisk trekk i bondemotstanden i fleire europeiske land. Det er dette Jerome Blum kallar "the myth of the benevolent sovereign."¹²² Andre omgrep som har vore nytta er "naiv monarkisme" eller "bonderoyalisme". Det at bøndene stadig vendte seg til kongen, har blitt tolka som ei blind tru på kongen si godheit, noko som kan ha gjort bøndene meir politisk passive og gjeve dei falske forventningar.¹²³

James C. Scott meiner likevel at denne tolkinga av bønder som godtruande og naive rett og slett er feil, og at bøndene sin kongetruskap heller enn å vere passiviserande tvert om verka mobiliserande, og vart brukt som eit effektivt politisk våpen. Nettopp ved å påberope seg ein lojalitet til regimet og monarken og heller rette motstanden mot lokale embetsmenn kunne bøndene unngå strenge straffer.¹²⁴

¹¹⁹ Slike "bondedeputasjoner" med supplikkar til kongen utan amtmannen si påskrift var forbodne etter ei forordning frå 5. februar 1685. Likevel tok bønder den lange ferda til København ved fleire høve. I den offisielle kunngjeringa av Slottslova frå 16. februar 1704 var då også éi av årsakene bak opprettinga av kollegiet at den norske befolkninga skulle sleppe å ta fatt på desse lange reisene: "at eftersom vi have fornummen, hvorledes mange af samme Vores Undersaatter, meest af Almuen paa Landet, med store Bekostninger have paataget sig lange og besværlige Reyser hid ned, for deres Anliggende allerunderdanigst at andrage [...] da paa det Vore kiære og troe Undersaatter i benævnte Vort Konge-Rige Norge for saadan besværlige Reyser og deraf foraarsagende Omkostninger kunde blive befriede [...] have Vi [...] for got befundet at anordne paa Vort Slot Aggershus en Slots Lov [...] "V. Placat. Hvorved kundgiøres, at Hans Kongl. Majestæt haver anordnet paa Aggershus Slot i Norge Slots-Lov" i Kong Friderich den Fierdes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve. III. Bind. Forordninger fra 1699-1711.

¹²⁰ Rian 1998, s. 35.

¹²¹ Koht 1926, s. 159.

¹²² Blum 1978, s. 335.

¹²³ Ibid.

¹²⁴ Scott baserer seg her på ein studie av dette fenomenet under bondeopprør på 1800-talet. Boka han nyttar er Daniel Field si *Rebels in the Name of the Tsar*. Scott 1990, s. 96f. For ei liknande forståing ang. norske tilhøve sjå m. a. Rian 1992, s. 135; Rian 1998, s. 35; Sætra 1998, s. 301f.

Dette perspektivet kan, også når det gjeld tilhøva rundt dagskatten, ha noko for seg. Ikkje minst var dette tilfelle i Sogn. Der byrja oppstanden med at Hvidhoved spreidde informasjon om at skatten ikkje var kongen sin vilje og ukjend for han. Om bøndene trudde på han skal vere usagt, men dei lest iallfall som dei gjorde det, og dermed var ikkje deira motstand mot skatten eit uttrykk for at dei nødvendigvis ikkje var kongetru.

Likevel har gjennomgangen vist at dette ikkje er heile sanninga, og hovudinntrykket er at bøndene i stor grad kunne gå utanfor desse rammene og velje open konfrontasjon med styresmaktene og ein til dels aktiv opposisjon mot skattebyrdene som ei føretrekt motstandsform, dersom vilkåra låg til rette for det, til dømes med godt samhald over relativt store område og med sterke leiarfigurar som i Sogn. Dette kan vi sjå både i handlingane deira, ein gjennomgåande skatte- og likningsnekt, og ikkje minst i det at bøndene i Sogn jaga vekk soldatane, omringa huset til futen og trengde seg inn i huset til sorenskrivaren. Både i Sogn, i Nordhordland i 1711 og i Jondal i 1714 truga bønder futen og dei utsende soldatane med at dersom dei kom for å eksekvere skatten, skulle dei møte dei med staur og andre våpen dei hadde for handa. Denne viljen til open konfrontasjon kan gi eit frampeik mot det som skulle skje seinare på 1700-talet. Bøndene viste vilje til å konfrontere statsmakta sine påbod, og samstundes ei evne til omfattande organisering, noko som kan sjåast på som ein forløpar til Strilekrigen i 1765 og dei andre meir organiserte bondeopprøra i andre halvdel av hundreåret.¹²⁵

Embetsmennene si rolle

Korleis forheldt embetsmennene seg til denne kollektive motstanden frå bøndene si side? Den embetsmannen som hadde mest kontakt med allmugen i samband med skatteinnkrevjinga, var futen. Han skulle krevje inn dagskatten på skattetinga, og det var her konflikten mellom fut og bønder kom til syne. Dette vart ytтарlegare forsterka som følgje av føresegne som kom hausten 1712 og igjen våren 1713 om at militære skulle følgje futen på tinga og utføre eksekusjon. Utifrå kjeldene er det uklart kor mange soldatar som faktisk var med. I forkant av hausttingsesjonane i Ytre Sogn i 1713 bad Leganger om at 6 soldatar og éin underoffiser skulle følgje han.¹²⁶

¹²⁵ Gustav Sætra meiner nettopp at motstanden mot dagskatten, slik den kom til uttrykk i høvesvis Sogn, Jæren og Dalane og Hallingdalen under krigen viser ”konturene av det som skulle bli kartet ved motstanden mot ekstraskatten – temmelig tverr motstand fra Bergen og nordover på Vestland, mens Sørvestlandet og til dels Østlandet svarte med slu skattestrikek,” Sætra 1998, s. 305.

¹²⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmannen 13. november 1713.

Likevel ser det ikkje ut til at dette, i allfall i første omgang, var særleg effektivt eller at det har auka futen sin maktposisjon overfor bøndene. Sjølv med soldatar med seg og med den politimyndigheita han hadde, teiknar det seg eit bilet av futen som delvis maktelaus overfor den kollektive motviljen som han møtte på tinget. Dette kan tyde på at han korkje som kongen sin representant overfor allmugen eller som øvst i det sosiale hierarkiet i lokalsamfunnet hadde stor autoritet blant bøndene.

Det var særleg to futar som kom i konflikt med bøndene i samband med dagskatten, Peder Iversen Leganger i Sogn og Oluf Larsen (også kalla Oluf Lauritzen/Ole Larssøn i kjeldene) i Sunnhordland og Hardanger. Begge opplevde å bli konfrontert og truga av bønder som ope sette seg opp mot skatteinnkrevinga. Dei reagerte svært ulikt på dette. Etter at Leganger vart konfrontert av bøndene i Sogn i etterkant av arrestasjonen av Hvidhoved, kunne han i eit brev til Undall i dramatiske ordelag fortelje korleis bøndene "effter egen hidsgie og Brutaille Villie" hadde truga han "med mange haarde Trudsels ord" slik at han sjølv, familien og tenarskapet var "udj Største lifs fahre, saa vi verchen inden eller uden Huuset kand være sichre paa vores lif og velfærd."¹²⁷ Etter at Leganger hadde undersøkt omstenda rundt oppstanden, kunne han fortelje at tenestejenta til Hvidhoved, "eet u-dydig Qvinde Menniske", og "een Skalkagtig Huus-Mand som ligeleedis opholder sig hos Hwidhofwed" hadde samla allmugen.¹²⁸ Dei andre som Leganger peika ut som hovudmenn, var "lige gode og af Synderlige Vilchor men meer Ondskab".¹²⁹ Då det sommaren 1714 vart felt dom i saka mot Hvidhoved og dei andre tiltalte, reagerte Leganger med glede, og takka for at han hadde fått "saa fornøyelig Revange [...] ofver disse Oprøriske Mennisker herudj foegderiet, hvoraf en deel har faaet Domb effter deris fortieniste, og Hofved-Manden Niels Dankerssøn med sin Huusholderske begge paa deris Lifs og Gods".¹³⁰

Leganger teiknar eit bilet av bøndene som aggressive, farlege, valdelege, nærast barbariske i sine handlemåtar. Han la ikkje skjul på sin forakt for dei fremste deltakarane i opprøret mot han. Det verkar nesten som han har teke den strenge dommen mot dei som ein personleg siger.

Etter at Oluf Larsen vart konfrontert av bøndene sommaren 1714, opplyste han til Undall korleis dei "saaledis rotter sig sammen, alt i henseende at lade sig finde sig opsetzig imoed de udgangne Høy: Kongl: Ordre."¹³¹ Han peikte ut hovudmennene bak oppstanden og

¹²⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmannen 3. oktober 1713.

¹²⁸ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmannen 13. november 1713.

¹²⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 602, brev frå Leganger til stiftamtmannen 13. november 1713.

¹³⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 748, brev frå Leganger til stiftamtmannen 22. juli 1714.

¹³¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 673, brev frå Larsen til stiftamtmannen 23. juli 1714.

bad om råd for korleis han skulle handtere den, ikkje ulikt Leganger. Då dei tre utpeikte bøndene vart arrestert seinare på hausten, endra likevel tonen seg. Larsen bad stiftamtmannen om å skrive til kongen for å få lauslate dei pågripne.¹³² Undall hadde ikkje fullmakt til å gjere dette, men dersom Larsen ”ville see dennem for videre straf for saadan formastelig opsetzighed imod Deris Kongl: May^s allernaadigste villie og udgangne befalinger forskaanede”, anbefalte Undall han heller å skrive ein supplikk til kongen saman med allmugen i Jondal, så skulle han sørge for å sende den vidare.¹³³ Rett over nyttår fekk Undall supplikkar både frå allmugen i Jondal og Larsen. Undall sendte kopiar av desse til København og originalane til Slottslova, og forhørde seg om granskingskommisjonen mot dei arresterte bøndene skulle fortsette arbeidet, eller om den ”effter Fogdens allerunderdanigste forestillelse maa beroe.”¹³⁴

To månader seinare hadde desse supplikkane blitt lagt fram for Kanselliet ”til allerunderdanigste andragelse for Hans Kongl: May^b”, og det hadde også blitt tatt opp i Slottslova. Visestatthaldar Krag hadde gjeve ordre til Undall om å etterkome Larsen sitt ønske om å la kommisjonen mot bøndene ”beroe”.¹³⁵ Bøndene vart deretter sleppt fri, og mot slutten av året hadde kong Fredrik vedteke å benåde dei.¹³⁶

Oluf Larsen sin innsats og samarbeid med allmugen i Jondal førte altså til at saka mot dei tre bøndene vart oppheva, og dette viser at det ikkje nødvendigvis berre var eit konfliktforhold mellom futen og bøndene. Larsen vart mellom anna hausten 1714 mistenkt for å halde tilbake informasjon om oppstanden til granskingskommisjonen, og han vart beordra til å overlevere denne straks, ”saa fremt hand icke vil være ansvarlig til all dend ophold videre, deraf kand entstaae, at Commissionen end icke effter saa lang tidz forløb, er bleven foretagen.”¹³⁷ Kvifor hadde dei to futane eit så ulikt forhold til allmugen? Kan deira sosiale posisjon i samfunnet seie noko om dette?

¹³² Larsen skal ha skrive til stiftamtmann Undall 17. oktober, men brevet har ikkje vore å oppdrive, og det er her referert til i Undall sitt svar til Larsen 17. november 1714.

¹³³ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til Larsen 17. november 1714.

¹³⁴ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til Rentekammeret 8. januar 1715 og til Slottslova 8. januar 1715.

¹³⁵ Korkje brevet frå Rentekammeret eller Slottslova har vore å oppdrive, og det er her referert til i eit brev frå Undall til Rentekammeret 9. april 1715.

¹³⁶ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 582, kopi av brev frå kongen til visestatthaldar Krag 23. november 1715.

¹³⁷ RA, Stathaldararkivet, C. IV., pk. 9, brev frå Slottslova til stiftamtmann Undall 5. desember 1714.

Peder Iversen Leganger var sonen til den lærde presten og forfattaren Iver Eriksen Leganger, sokneprest i Vik (1657), prost i Sogn (1668),¹³⁸ som samstundes var den største jordeigaren i Sogn.¹³⁹ Før han døydde sat han med 54 gardar, ein femtedal av alle gardane i Ytre Sogn, samt fire sagbruk.¹⁴⁰ Peder Iversen Leganger var gift med Anna Christine Blixencrone. Ho var dotter til Hans Hanssøn Blix, den føregåande futen i Sogn, no medlem av Slottslova og i 1712 adla under namnet Blixencrone.¹⁴¹

Noko som kan vere verd å nemne, er at Iver Leganger, faren til Peder, var gift med Maren Mule Glad (død 1665), mor til Åsta Knudsdatter Glad (død 1709), som var gift med Niels Hvidhoved! No var rett nok ikkje Peder son til Maren, og dermed i direkte slekt med kona til Hvidhoved. Mor hans var Anne Pedersdatter Finde, dotter til prosten Peder Finde, den største jordeigaren i Sunnfjord.¹⁴² Men, forutan at Peder Iversen Leganger stamma frå og var inngift i eliten i Sogn, og må ha vore ein av dei rikaste og største jordeigarane her, var det altså ein link mellom han og Hvidhoved. Om der eksisterte økonomiske konfliktar mellom dei får ein berre spekulere i.

Kva så med Oluf Larsen? Larsen var dansk av fødsel, son til Falch Larssen Dalhof, som var fut i Sunnhordland frå 1680-åra.¹⁴³ I 1700 tok han over embetet. Oluf var gift med Birgitte Heiberg, dotter til Anders Søfrenssøn Heiberg, tidlegare sorenskrivar i Indre Sogn.¹⁴⁴ Han var altså gifta inn i den kjende embetsmannsslekta Heiberg frå Sogn, og var mellom anna svoger til sorenskrivaren i Indre Sogn, Giert Heiberg, sorenskrivaren i Sunnhordland, Peder Heiberg, og soknepresten i Sogndal, Søffren Heiberg.¹⁴⁵ Oluf var ein av dei største private jordegodseigarane i Tysnes, og kjøpte opp fleire gardar og gardpartar med til saman 16 laupar smør.¹⁴⁶

Leganger ser altså ut til å ha ein høgare sosial og økonomisk posisjon i lokalsamfunnet enn Larsen, og kan hende kom han då i større grad i konfliktar med dei andre større jordeigarane i Indre Sogn. Om slektsforholda og den økonomiske posisjonen kan gi eit fullgodt svar på kvifor dei to futane handla som dei gjorde, er vanskeleg å seie, men den gir

¹³⁸ Norsk Biografisk Leksikon, Bind 6, s. 35.

¹³⁹ Sogn og Fjordane Fylkesleksikon: Iver Erikssøn Leganger.

URL: http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Iver_Erikss%C3%B8n_Leganger

¹⁴⁰ Hoprekstad 1951, s. 230.

¹⁴¹ På morssida stamma Hans frå Soop-slekta, ei av dei eldste adelsættene i Sogn. Sollied 1928, s. 209f.

¹⁴² Hoprekstad 1951, s. 230.

¹⁴³ Berge Drange 1987, s. 648.

¹⁴⁴ Han var gift med Maren Giertsdatter Morgenstierne, søster til tidlegare fut i Sogn, Christopher Giertssøn Morgenstierne. Heiberg 1942, s. 58f.

¹⁴⁵ Heiberg 1942, s. 59, 230, 359, 369.

¹⁴⁶ Berge Drange 1987, s. 648.

ein interessant innblikk i embetsstanden i Bergenhus i denne perioden, og den store graden av slektsband som eksisterte i Bergenhus i denne perioden.

Kva så med stiftamtmannen? Andreas Undall hadde berre sette vel eitt år i embetet då han måtte hanskast med bøndene sin motstand mot skattebyrdene. Han var på eit tidleg tidspunkt klar over at dei skattekrava som dagskatten medførte var urealistiske, og han innsåg at dette kunne få store økonomiske konsekvensar for allmugen i stiftet. Allereie i september 1712 tok han overfor myndighetene i Christiania til orde for moderasjon i dagskatten, der han bad dei om å vidareformidle dette til kongen.¹⁴⁷ Då det utover hausten vart klart at det kom til å bli vanskeleg å få inn pengane, og presset frå dei sentrale myndighetene vart sterkare i samband med at pengane frå dagskatten skulle sendast til Danmark, verka Undall sitt omsyn til bøndene å stå sterke enn kravet frå sentralmakta om å få inn mest mogleg pengar til nedskipinga til Danmark mot slutten av 1712. Mellom anna tok han til orde for at militær eksekusjon burde utsetjast til våren etter: "Thi haver Ieg paa meenige Almues veigne udj dette Stifft underd: skulle anholde, at med den anbefallede Execution saalenge maatte udsættes indtil vaartinget var overstanden, paa det Deres Kongl: May^{ts} ordinaires Skatters erleggelse som til deres egen og Deres familiers underholdning og Subsistence frembdeles blive Confererede."¹⁴⁸

Seinsommaren 1713 tok Undall også til orde for fritak i dagskatten for bøndene. Han hadde delteke på sommartinga i Sunnhordland og der bede bøndene om å "af yderste efne og formue" betale inn det som stod att på dagskatten. Bøndene gav som svar at "det var dem umueligt hvor gierne de end ville, uden at de skulle forlade Gaard og Grund."¹⁴⁹ Etter å ha sett og høyrt om tilhøva til bøndene, bad då Undall Slottslova "Deres Kongl: May^{tt} udi dybeste underd: ansøge, at de for dend anden halve Dagskat allernaad: maatte forskaanes, saasom Jeg iche allerunderd: kand see dend, nogen tid, uden de fleste JordEigeres aldeles undergang kand indkomme."¹⁵⁰

Samstundes reagerte Undall kraftig og tok det svært alvorlig då bøndene sette seg direkte opp mot dei kongelege påboda. Det gjaldt både oppstanden i Sogn i 1713, bøndene i Nordhordland si likningsnekt på haussttinget same året, bøndene frå Indre og Ytre Sogn sine reiser til København våren 1714, og oppstanden i Jondal våren og sommaren 1714. Han var

¹⁴⁷ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til Slottslova 20. september og 11. oktober 1712.

¹⁴⁸ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til Slottslova 3. januar 1713.

¹⁴⁹ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til Slottslova 8. august 1713.

¹⁵⁰ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til Slottslova 8. august 1713.

redd for at desse aksjonane skulle spreie seg og auke i omfang, og det galdt å stoppe dei før det fekk altfor store konsekvensar. I eit brev til kongen informerte Undall om aksjonane på hausttinga i Nordhordland 1713, og meinte at dersom dei rette vedkomande ”iche Derfor blive anseede Skulle det allerund^t være at befrøchte at dend øfrige Almue skulle betiene sig af saadanne onde og forargelige Exempler, og deris Kongl: Maj^{ts} Høye Tienister der udofver uforsvarlig blive forføiet”.¹⁵¹ Men Undall innsåg også at dette kunne kome til å skje dersom skattekrava ikkje vart senka og bøndene ikkje vart utarma.

Gjennom heile perioden arbeidde Undall for å moderere dei skattekrava som kom fra København, og gjennom heile perioden førte han ein dialog med allmugen i stiftet, både gjennom brev til lensmennene rundt om i futedømma, og ved sjølv å oppsøke bøndene på tinga for å få eit betre innblikk i situasjonen og å prøve å roe ned allmugen. Gjennom sin innsats som allmugen sin talsmann overfor styresmaktene og styresmaktene sin talsmann overfor allmugen sørga han for at konflikten mellom bøndene og statsmakta ikkje eskalerte meir enn den gjorde, og at den fekk eit roleg utfall.

Konklusjon

Målet med denne artikkelen var, som skissert innleiingsvis, å granske møtet mellom bønder og embetsmenn i ein ekstraordinær situasjon, der eventuelle konfliktlinjer og relasjoner mellom desse to gruppene kan komme til uttrykk på ein klar måte. Korleis kan vi så oppsummere forholdet mellom dei utifrå konflikten rundt dagskatten? Sidan utgangspunktet for denne granskingsa er ein konfliktituasjon, er det innlysande at forholdet nettopp var prega av konflikt, og særleg frå dei skattebetalande bøndene si side. Men dette biletet er ikkje heilt eintydig. Gjennomgangen har vist at det blant embetsmenn eksisterte ei ambivalent haldning til bøndene og dei krava som vart sette til dei, noko som kunne bikke over til eit regelrett forsvar og. Dette varierte individuelt, og det var slett ikkje regelen, men heller ikkje unntaket. Det er vanskeleg å forstå dette utan å tolke det utifrå dei ulike embetsmennene sin bakgrunn, sosiale posisjon og kan hende tidlegare erfaringar med bondebefolkinga. Uansett viser denne granskingsa at - sjølv i ein slik spent situasjon som konflikten rundt dagskatten skapte – er det problematisk å forstå forholdet mellom bønder og embetsmenn berre som eit einsidig konfliktforhold mellom to ulike grupper i det norske samfunnet.

¹⁵¹ SAB, Arkivet etter stiftamtmannen, pk. 51, brev frå stiftamtmannen til kongen 19. desember 1713.

Kjeldeforkortinger

SAB – Statsarkivet i Bergen

RA – Riksarkivet – Oslo

Kjeldetilvingane i noteapparatet er utarbeidde utifra kjeldekatalogane til dei respektive arkiva.

Litteraturliste

Berge Drange, Ernst. 1987. *Tysnes Gards- og ættesoge 2*. Tysnes sogelag.

Berglund, Mats. 2009. *Massans röst. Upplopp och gatubråk i Stockholm 1719-1848*. Studier i Stads- och Kommunhistoria 34. Stads- och Kommunhistoriska Institutet. Stockholm.

Blix, Einar. 1943-45. *Stattholderskap og Slottslov 1699-1721*. Historisk Tidsskrift, Bind 33, s. 337-371.

Blum, J. 1978. *The End of the Old Order in Rural Europe*. Princeton University Press, Princeton.

Boisen Schmidt, J. 1967. *Studier over statshusholdningen i kong Frederik IV's regeringstid 1699-1730*. København.

Bregnsbo, Michael. 1997. *Folk skriver til kongen. Supplikkerne og deres funksjon i den dansk-norske enevælde i 1700-tallet*. Selskabet for Udgivelse af Kilder til Dansk Historie.

Dyrvik, Ståle. 1998. *Truede tvillinger, 1648-1720*.

Dørrum, Knut. 2006. *Hvordan kullbøndene seiret i striden med Bernt Anker. Bondepolitikk og bondeøkonomi rundt Oslofjorden på 1700-tallet*. Historisk Tidsskrift, Bind 85, Nr. 3, s. 404-431.

Døssland, Atle. 1998. *Strilesoga. Nord- og Midhordland gjennom tidene. Band 3. Frå 1650 til 1800*. (Nysæter og Øye (red.). Bergen.

Døssland, Arne, og Løseth, Arnljot. 2006. "Lokalmakt og sentralmakt, periferi og sentrum", i Helle, Knut (red.) *Vestlandets historie. Bind 2. Samfunn*, Vigmostad & Bjørke, Bergen.

Fiskaa, Ingrid. 2009. *Statsmakta og Lofthusreisinga. Styresmaktene si handtering av allmugereisinga i Nedenes og Bratsberg 1786-87*. Masteroppgåve i historie, Universitetet i Oslo.

Fossen, Anders Bjarne. 1999. *Askøys historie I. Fra de eldste tider til 1870*. Bergen.

Gelting Andresen, Rasmus. 2000. *Bondestand – velstand og motstand? En undersøkelse av skattekrav, formuesforhold og bøndenes reaksjoner på Hedemarken i forbindelse med Den store nordiske krig, sett i lys av dansketidsdebatten i norsk historieskriving*. Hovudoppgåve, Universitetet i Oslo.

Gustafsson, Harald. 1994. *Political Interaction in the Old Regime. Central Power and Local Society in the Eigtheenth-Century Nordic States*. Lund.

- Heiberg, G. F. 1942. *Slekten Heiberg. Genealogiske oplysninger og personalhistorie*. Cammermeyers Boghandel.
- Helland, Amund. 1901. *Topografisk-statistisk beskrivelse over Nordre Bergenhus Amt. Første del. Den almindelige del*. Aschehoug & co. Oslo.
- Hoprekstad, Olav. 1951. *Bygdabok for Vik i Sogn I*. Boktrykk L/L – Bergen.
- Koht, Halvdan. 1926. *Norsk bondereisning. Fyrebuing til bondepolitikken*. Aschehoug & co. Oslo.
- Linde, Martin. 2000. *Statsmakt och bondemotstånd. Allmoge och överhet under stora nordiska kriget*. Acta Universitatis Upsaliensis, Studia historica Upsaliensia, nr. 194, Uppsala.
- Lode, Asgeir. 1978. *Tilhøvet mellom styresmakt og allmuge i Jæren og Dalane sorenskrivari under den store nordiske krigen*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Bergen.
- Morberg, Ragnhild Elisabeth. 2000. *Udugelig og ubrukelig? Administrative problemer under den store nordiske krig. Slottslovens håndtering av Karl 12.s innfall i 1716*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo.
- Nagel, Anne-Hilde. 1985. ”Styringsapparatet i Norge på 1700-tallet” i *Administrasjonen i Norden på 1700-tallet*, Universitetsforlaget, Oslo.
- Nilssen, Tore. 1978. *Forholdet mellom almuen i Hallingdal og Ringerike sorenskriveri, og den lokale og sentrale øvrighet under ”den store nordiske krig”, 1709-1720*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Bergen.
- Pedersen, Karl Peder. 1998. *Enevældens amtmænd. Danske amtmænds rolle og funtion i enevældens forvaltning 1660-1848*, Jurist- og Økonomforbundets Forlag, København.
- Rafner, Claus. 2008. *Enevælde og skattefinansiert stat 1660-1818. Dansk Skattehistorie IV*. Told- og Skattekonsistorie Selskab, København.
- Rian, Øystein. 1992. ”Den frie og stolte norske bonden – myter og realiteter” i Winge (red.) *Lokalsamfunn og øvrighet i Norden ca. 1550-1750*, Skrifter fra norsk lokalhistorisk institutt, nr. 27, s. 117-159.
- Rian, Øystein. 1998. ”Bondemotstand i Norge – linjer og utviklingstrekk. Norsk perspektiv på helstaten” i Eide Johnsen og Sætra (red.) *Kristian Lofthus og hans tid. Artikler fra historisk sommerseminar*, Høgskolen i Agder. Forskingsserien nr. 5, s. 33-48.
- Sandal, Per. (red.) 1986. Sogndal bygdebok. Band I. Allmenn bygdesoge. Tida før 1800. Sogndal sogelag.
- Schiøtz, Johannes. 1955. *Ellevårskrigens militære historie. Avslutningen av den store nordiske krig. Tredje bind*. Forsvarsdepartementet. Oslo.

Scott, James C. 1990. *Domination and the Arts of Resistance. Hidden transcripts*. Yale University Press. New Haven.

Sennefeldt, Karin. 2004. "Marching to Stockholm. Repertoires of peasant protest in eigtheenth century Sweden" i Katalaja (red.) *Northern revolts. Medieval and Early Modern Peasant Unrest in the Nordic Countries*. Studia Fennica Historica. Helsinki.

Slettebø, Thomas Ewen. 2007. "*først, som rettfærdig Dommer at straffe, og siden, som en mild Fader at forlade*": *Det dansk-norske eneveldets håndtering av Strilekrigen i Bergen 1765*. Masteroppgåve i historie, Universitetet i Bergen.

Sollied, Henning. 1928. "Gamle ætter i Sogn", *Norsk Slektshistorisk Tidsskrift, Hefte 3*.

Steen, Sverre. 1930. *Det norske folks liv og historie gjennem tidene. Bind V. Tidsrummet 1640 til omkring 1720*, Aschehoug & co, Oslo.

Supphellen, Steinar. 1978. *Supplikken som institusjon i norsk historie. Framvokster og bruk særlig først på 1700-talet*. Historisk Tidsskrift, Bind , nr. 3, s. 152-186.

Supphellen, Steinar. 1983. *Statthaldarinstitusjonen i Noreg 1722-1739*, Tapir Forlag, Trondheim.

Sætra, Gustav. 1998. *Norske bondeopprør på 1700-tallet. En trussel mot den dansk-norske helstaten?* Historisk Tidsskrift, Bind 77, nr. 3, 301-315.

Timberlid, Jan Anders. 2007. *Sogndal bygdebok. Gardar og folk. Stedje sokn. Band I*. Sogndal Sogelag.

York, Eyvind Urkedal. 2010. *Kongens tru tenrar? Møtet mellom statsapparat og allmuge i Bergenhus stiftamt i samband med dagskatten, 1712-1715*. Masteravhandling, Universitetet i Bergen.

Vigrestad, John. 1978. *Forholdet mellom almue og øvrighet i Indre Sogn sorenskriveri under den store nordiske krig*. Hovudoppgåve, Universitetet i Bergen.

Weidling, Tor. 2000. *Eneveldets menn i Norge. Sivile sentralorganer og embetsmenn 1660-1814*. Riksarkivaren, Skriftserie 7, Oslo.

Österberg, Eva. 1991. "Local political culture versus the state. Patterns of interaction in pre-industrial Sweden" i *Mentalities and Other Realities. Essays in Medieval and Early Modern Scandinavian History*, Lund University Press, Lund.